



Møteinnkalling

Utval:	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	22.02.2023
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette så tidleg som råd er, ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.12.2022	2022/120	
	Politiske saker		
PS 1/23	Kommunedirektør orienterer om arbeid med etikk i Fitjar kommune	2022/112	
PS 2/23	Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune	2022/328	
PS 3/23	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering	2022/214	
PS 4/23	Bestilling av kurs frå Deloitte AS	2023/350	
PS 5/23	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2022	2022/118	
PS 6/23	Møteplan 2023 for kontrollutvalet	2022/115	
PS 7/23	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2022/121	
PS 8/23	Eventuelt	2022/117	
	Referat saker		
RS 1/23	VS: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.	2022/290	
RS 2/23	Brev fra Fitjar kommune - Melding om vedtak Budsjett 2023 for kontrollutvalet	2022/113	
RS 3/23	VS: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni	2022/116	

GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/120-9

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	2/23	22.02.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.12.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.12.2022 er vedlagt saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	07.12.2022
Tid:	10:00 - 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Björg Tislevoll	Leder	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleder	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frank Solli	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknad

Ingen av varamedlemene kunne møta for Frank Solli.

Andre som møtte:

Svein Dale Soleng	Ass. kom.dir
Else Holst-Larsen	Partner og rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Annbjörg Ryssdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Björg Tislevoll
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022	2022/120	
	Politiske saker		
PS 19/22	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan	2022/110	
PS 20/22	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering	2022/214	
PS 21/22	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2022	2022/122	
PS 22/22	Kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune	2022/328	
PS 23/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2022/121	
PS 24/22	Eventuelt	2022/117	
	Referat saker		
RS 11/22	NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023	2022/126	
RS 12/22	VS: FKT -info Oktober 2022	2022/116	

Godkjenningssaker

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 8/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022 vart godkjent.

Politiske saker

PS 19/22 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at det framleis står att ein del arbeid gjeldande forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til andre møte i kontrollutvalet i 2023. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 01.04.23.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ass.kom.dir. orienterte om status på handlingsplanen slik den ligg føre i saksframlegget.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at det framleis står att ein del arbeid gjeldande forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til andre møte i kontrollutvalet i 2023. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 01.04.23.

PS 20/22 Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om status gjeldande arbeid med forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen har henta inn dokumentasjon og gjennomført intervju, og er i gang med noko av rapportskrivinga. Deloitte har frist til å levera rapporten 01.04.2023.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 21/22 Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimisrevisjon 2022 for Fitjar kommune frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Partner Else Holst-Larsen presenterte resultatet etter arbeid med interimisrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Fitjar kommune frå Deloitte til orientering.

PS 22/22 Kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - 1.Finansielle måltal
 - 2.Aktuelle regelverk
 - 3.Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a)Kommunale bygg?
 - b)Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c)Kommunale kaianlegg?
 - d)Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 - 4.Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 15.01.2023.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte kort om saka.

Forslag til vedtak, inkl. ny frist i pkt. 3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - 1.Finansielle måltal
 - 2.Aktuelle regelverk
 - 3.Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a)Kommunale bygg?
 - b)Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c)Kommunale kaianlegg?

d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp

4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?

3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

PS 23/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 24/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Første møte i kontrollutvalet i 2023

Kontrollutvalet vart einig i at første møte i 2023 vert 22.02.2023.

Bestilling av kurs frå Deloitte

Kontrollutvalet vil ha sak gjeldande bestilling av kurs til neste møte i kontrollutvalet, 22.02.2023.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet skal ha møte 22.02.2023.
2. Kontrollutvalet ønskjer at det på sakslista til neste møte kjem sak gjeldande bestilling av kurs frå Deloitte.

Referatsaker

RS 11/22 NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 12/22 VS: FKT -info Oktober 2022

Saksprotokoll 07.12.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/112-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	1/23	22.02.2023

Kommunedirektør orienterer om arbeid med etikk i Fitjar kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering, og ber om ei ny orientering frå kommunedirektør til eit av møta i kontrollutvalet våren 2024.

Samandrag

Det er bestilt ei jamleg orientering gjeldande dette arbeidet frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet hadde slik sak til handsaming i møte 14.09.2020. Føremålet med saka er å få ein orientering frå kommunedirektør om status gjeldande etikkarbeidet i kommunen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er ønskjeleg at kommunedirektøren sjølv orienterer kontrollutvalet om status gjeldande arbeid med etikk i Fitjar kommune. Ein slik orientering kan til døme innehalde slike opplysningar:

1. Kva er gjort på området siste året?
2. Kva er planlagd å gjere det neste året?
3. Er det gjennomført dilemmatrening?
4. Er det halde kurs eller seminar?
5. Osv.

KS og Transparency International Norge (TI Norge) har laga ein dilemmasamling om refleksjon rundt etikk og antikorrupsjon i kommunar og fylkeskommunar som kan finnast via denne lenkja: <https://www.fkt.no/nyheter/dilemmasamling-for-kommuner-og-fylkeskommuner/>

Det vil være ei føremon om det og vert orientert om kommunen har laga eit antikorrupsjonsprogram eller har vurdert å lage eit slikt program. Jamfør i den samband med «Håndbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen» som kan finnast via denne lenkja: <https://www.ks.no/globalassets/Beskytt-kommunen-Handbok-i-antikorrupsjon.pdf>

Kontrollutvalet hadde sak om etikk til handsaming i møte 14.09.2020 (PS 14/20). Dette vart mellom anna protokollert frå møtet:

«Rådmann orienterte om korleis kommunen arbeider med etikk. Kontrollutvalet har fått ein slik årleg orientering over fleire år.

Det vart mellom anna informert om dette:

- Det er viktig at tilsette og politikarane er bevisst dette i sin gjerning, og at ein tilstrebe ein høg etisk standard, og at ein til dømes har eit bevist forhold til kven som skal uttale seg på vegne av kommunen.
- Etisk regelverk ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen.
- Alle nytilsette og politikarar får tildelt etisk regelverk for kommunen.
- Etikk har vore tema på folkevaldopplæringa der tilsette frå administrasjonen og politisk ledelse deltar. Sentralt tema er habilitet.
- Ekstern kursing av politikarar og tilsette gjeldande fagområdet plan- og bygningsloven.
- Kommunen kjøper hjelp frå advokater der det er saker som er kompliserte.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Denne saka vart utsett til ny kommunedirektør vert tilsett. Det vert bede om at kommunedirektøren sjølv kjem til møtet for å orientere kontrollutvalet om saka. Sekretariatet har fått stadfesta frå kommunedirektøren at han kjem til møtet og orienterer om saka.

Det kan nemnast at sekretariatet siste tida også har lagt inn ønskt informasjon om misleg framferd i saka om etikk. Kommunedirektøren i Fitjar kommune har ikkje blitt førespurt om det denne gongen, så det kan gjerne takast inn i ny orientering som er tilrådd å ha om eit års tid.

Omgrepet misleg framferd vert definert slik i revisjonsstandar ISA 240

<https://www.revisorforeningen.no/fag/standarder-og-veiledninger/revisjonsstandardene/>

«En bevisst handling begått av en eller flere personer innen ledelsen, av personer som har overordnet ansvar for styring og kontroll, av ansatte eller av andre, som innebærer uredelighet for å oppnå en urettmessig eller ulovlig fordel.»

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet, på bakgrunn av informasjon som kjem fram i møtet, drøfter seg frem til ein konklusjon. Videre blir det tilrådd at kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren orienterer om status på etikk arbeidet i Fitjar kommune kvart år vidare og at punktet om misleg framferd då også vert teke med.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/328-5
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	2/23	22.02.2023

Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering om kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune til orientering
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2024, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2024.

Samandrag

Kontrollutvalet vil i dette møte få ei orientering gjeldande Fitjar kommune sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat økonomiskberekraft Kontroll
- 2 Særutskrift Finansielle måltal for utviklinga av økonomien til Fitjar kommune
- 3 Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Fitjar kommune 2021
- 4 Stadfesting av kommunedelplan for avløp og vassmiljø
- 5 Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030 Fitjar kommune.pdf
- 6 Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030 Fitjar kommune.pdf
- 7 KDP Avløp og vassmiljø Vedlegg A.pdf
- 8 KDP Vassforsyning vedlegg A.pdf
- 9 Særutskrift Stadfesting av kommunedelplan for avløp og vassmiljø
- 10 Tilstand på kommunale vegar
- 11 Vedlikehald av kommunale vegar og vegprivatisering

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk berekraft (KØB). Det blir i den samanheng vist til kommunelova §§ 14-1 og 14-2.

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunen.

Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handlevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelse kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunal økonomisk berekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta:

- a) *økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) *årsregnskapene og årsberetningene*
- c) *finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) *regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) *regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Videre står det i kommunelova § 23-2 m.a. dette:

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) *Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *Det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

Kontrollutvalet behandla sak gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i møte 07.12.2022 og vedtok følgjande:

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at utvalet skal sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og kontrollere at den økonomiske forvaltninga vert ivareteken i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke utfyllande dokumentasjon i saka frå kommunedirektør på epost 09.02.2023, som gjev ei god beskriving av status på området. Dokumenta er vedlagt saka.

I tråd med vedtaket i kontrollutvalet 07.12.2022 er det avtalt at kommunedirektør kjem i dette møtet for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.

Konklusjon

I tråd med vedtaket i kontrollutvalet 07.12.2022 er det avtalt at kommunedirektør kjem i dette møtet for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.

Notat

Fitjar kommune

Til: Fitjar kontrollutval
Fra: Gjermund Hagesæter
Kopi:
Dato: 090223
SV: Status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.

I møte i Fitjar kontrollutval 7/12-22 blei følgjande vedtak fatta:

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

Etter at dette vedtaket blei fatta har kommunedirektøren gått gjennom kva som eksisterer av oppdaterte relevante dokument:

- **Finansielle måltal for utviklinga av økonomien til Fitjar kommune.**
 - Dette er eit dokument som er handsama av Fitjar kommunestyre 20/11-19 der det blei gjort følgjande vedtak:
 - «Fitjar kommunestyre vedtek desse finansielle måltala:
 - 1) *Sunnheitsindikator: Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera minst 1 %.*

- 2) Gjeldsbelastningsindikator: Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikting) som del av brutto driftsinntekter skal ikkje overstige 90 %.
- 3) Renteeksponeringsindikator: Renterisiko (som definert i Finans- og gjeldsforvaltningsreglementet) skal ikkje overstige 0,2 %.
- 4) Likviditetsindikator: Arbeidskapital (ekskl. premieavvik) som del av brutto driftsinntekter skal minimum vera 17 %.
- 5) ROBEK-indikator: Fri eigenkapital som del av brutto driftsinntekter skal vera minimum 10 %.»

Desse måltala blir heile tida målt opp mot budsjett og rekneskap. Budsjett 2023 ligg innanfor desse måltala bortsett frå at budsjettet har langt under 1% overskot (sunnheitsindikator). Når det gjeld rekneskapen 2022 (som enno ikkje er klar) forventar me at den vil liggje innanfor alle måltala.

Dokumentet er vedlagt.

- **Finans- og gjeldsforvaltningsreglement.**
 - Dette reglementet blei vedtatt av fitjar kommunestyre 8/12-21 og har følgjande overordna rammer:
 - «1.1. Føremålet med reglementet og forvaltninga
 - Reglementet skal gje rammer og retningsliner for den samla finansforvaltninga. Reglementet gir eit samla oversyn over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og dei fullmakter / instruksar og rutinar som vert heimla i dette reglementet. Vidare definerer reglementet avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar, plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva og opptak av lån / forvaltning av gjeld.
 - Kommunen skal forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.»

Dokumentet er vedlagt.

- **Økonomireglement.**
 - Fitjar kommune har pr i dag ikkje eit oppdatert økonomireglement slik lova krev. Eit nytt økonomireglement er under utarbeiding og vil bli lagt fram for handsaming i Fitjar kommunestyre 1. halvår 2023.
- **Vedlikehaldsetterslep.**
 - Når det gjeld vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar har Fitjar kommune gjort eit omfattande arbeid og har derfor god oversikt.
 - Det er to oppdaterte sentrale dokument her:
 - *Tilstand på kommunale vegar*
 - *Vedlikehald av kommunale vegar og vegprivatisering*

- **Vassforsyning og avlaup.**

- I september 2020 blei kommunedelplan for vassforsyning og kommunedelplan for avlaup og vassmiljø vedtatt av Fitjar kommunestyre.
- Begge kommunedelplanane erstatta eldre planar og gjeld for perioden 2020 til 2030.
- Tiltaka i planperioden for begge kommunedelplanane er ambisiøse og må følgjast opp i kommunebudsjetta i åra som kjem. Så langt er noko gjort, men mykje står igjen.

Så langt er følgande gjort i planperioden:

- Resipientundersøkingar
- Ny slamavskiljar Dåfjorden

Følgande er under prosjektering:

- Sanering Havn
- Nytt høgdebasseng Aarskog
- Auke kapasiteten ved vassverket
- Nytt VA anlegg Aarskog

Dokumenta er vedlagt.

Når det gjeld vedlikehaldsetterslep på bygningsmasse, kaianlegg og anna infrastruktur føreligg det ikkje kvalitetssikra dokument som er egna til å senda over til Fitjar kontrollutval.

Sidan Fitjar kommune ikkje får tilsett ny sjef for etat for samfunnsutvikling og drift før 1/3-23 ber me om at rapportering på denne delen vert utsett til 2. halvår 2023. Eg kan grunngje dette ønsket på nytt i Fitjar kontrollutval sitt neste møte.

**MØTEBOK****Finansielle måltal for utviklinga av økonomien til Fitjar kommune**

Utval sak	Utval	Møtedato
68/19	Formannskapet	06.11.2019
57/19	Kommunestyret	20.11.2019

Vedlegg:**Bakgrunn:**

Ny kommunelov trer i kraft 1. januar. Eit nytt krav gjeld Kommunestyret sine plikter til økonomiforvaltninga (§14-2). Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av økonomien til kommunen (pkt. c).

Med finansielle måltal vert det sikta til politiske målsettingar for kommunen si økonomiske utvikling. Ein må og sjå dette i samanheng med det grunnleggjande kravet om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handlevna vert teken i vare over tid (§14-1 første lekk).

I proposisjonen frå departementet går det fram at departementet vil understreka at dei finansielle måltala må fastsettast av den einskilde kommune ut frå kommunen sin økonomiske situasjon. Dei finn det ikkje føremålstenleg å fastsetta bindande reglar for val av måltal og kva for nivå måltala bør ligga på.

Rådmannen tilrår fem indikatorar, som er utgreidd nedanfor, med følgjande overordna grunngeving:

- Sunnheit: Sikre at kommunen ikkje bruker meir enn ein har i inntekter
- Gjeldsbelastning: Sikre at kommunen har eit akseptabelt gjeldsnivå
- Renteeksponering: Sikre at kommunen har ein akseptabelt renterisiko
- Likviditet: Sikre at kommunen kan betale sine forpliktingar
- ROBEK: Sikre at kommunen har ein reserve for å møte uventa utfordringar

Vurdering:

Det er nytta fleire kjelder til måltal; Kommuneproposisjonen (KP) har 7 nøkkeltal i vedlegg 3, KOSTRA har 9 nøkkeltal. Kommunal økonomi hadde i juninummeret ein lengre artikkel der dei mellom anna viste til Telemarksforsking (TF) sitt notat om økonomiske nøkkeltal til Fyresdal kommune (2012) med 5 nøkkeltal.

Fylkesmannen i Nordland nytta 5 indikatorar på kommunen sin finansielle- og økonomiske tilstand. Desse vert nytta vidare i utgreiinga, der ein omtalar ulike nøkkeltal som kan vera aktuelle innanfor kvar indikator.

Riksrevisjonen gav ut rapporten «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning» i 2013, der følgjande er del merknadane deira:
«I 2013 hadde om lag hver sjette kommune en kombinasjon av høyt gjeldsnivå, svakt driftsresultat og lavt disposisjonsfond. Disse kommunene hadde et gjeldsnivå på over 75 prosent av inntektene, et driftsresultat på under 3 prosent av inntektene og et disposisjonsfond på under 5 prosent av inntektene. Det betyr

at disse kommunene har et begrenset økonomisk handlingsrom i møte med eventuell reduksjon av inntekter eller økte renteutgifter og andre økte utgifter.»

1) Sunnheitsindikator

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er nytta i KP, av KOSTRA og av TF.

- Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har ei tilråding på minimum 1,75 %.
- KS har fått utarbeida ein prognosemodell for anbefalt minimumsnivå på netto driftsresultat på kommunenivå (Menon Economics og Telemarksforsking). Målsetting for modellen er stabil tenesteproduksjon og at kommunen har tilstrekkeleg buffer til å handtera risiko (finans). Føresetnadane ligg ikkje til grunn for at Fitjar kan nytte modellen, då me er inne i ein periode med reduserte inntekter og tilsvarande reduksjonar i tenesteproduksjonen. Resultata gjev likevel ein indikasjon på kva for nivå kommunen bør ligge på. Avhengig av renterisiko, ligg anbefalinga for Fitjar på 2,1 - 4,1 %.
- TF nytta 3 - 5 % i sin anbefaling til Fyresdal i 2012. Etter endring i korleis ein inntektsfører mva. på investeringar, skal dette svare til 1,75 - 3,75 %.
- Riksrevisjonen nyttar eit driftsresultat på under 3 % som svakt. Dette talet er og frå før omlegginga av mva. på investeringar.
- Fitjar har ved fleire høve hatt store utfordringar når ein skal revidere budsjettet i juni. Uføresette meirkostnader på over 2 % til saman, er ikkje unormalt.

KOSTRA-tal for 2018 viser:

Fitjar	5,4 %
Etne	5,4 %
Tysnes	3,5 %
Kostragruppe 3	3,5 %
Landet utan Oslo	2,2 %

Utvikling for Fitjar siste 8 år:

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
2,6	2,8	6,8	- 1,5	2,3	3,0	1,3	5,4

Økonomiplan 2019 - 2022:

2019	2020	2021	2022
- 0,0	- 0,3	- 1,7	- 2,1

Dette er eit anerkjend og mykje brukt nøkkeltal. Rådmannen tilrår å nytta dette måлтаlet. Med bakgrunn i gjeldande økonomiplan, ser ein at anbefalingane vert vanskeleg å nå på svært lang tid. Rådmannen tilrår difor måлтаlet til å vera 1 %.

Konsekvens for Fitjar:

1 % av brutto driftsinntekter for Fitjar kommune er 3,03 mill. i 2019. Kommunestyret vil då arbeide for å ha eit slikt overskot som minimum, i budsjett og økonomiplan.

KOSTRA publiserer nøkkeltalet Årets mindre- / meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter. Dette er ein variant av førre nøkkeltal, men der ein tek omsyn til bruk av- og avsetjingar til fond. Dette talet tek mellom anna omsyn til kva tid ein fekk, og kva tid ein har brukt øyremerkte tilskot. Bruk av- og avsetjingar til diposisjonsfondet blir også rekna inn, og vil ha ein forstyrrende effekt i høve til sunnheita i økonomien. Rådmannen tilrår ikkje å nytte dette nøkkeltalet, men viser til krav i kommunelova om at det skal vera balanse i både budsjett og økonomiplan.

2) Gjeldsbelastningsindikator¹

¹ I artikkelen i Kommuneøkonomi er «Netto rente- og avdragsutgifter som andel av brutto driftsinntekter» nytta som gjeldsbelastningsindikator, og «Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikting) som andel av brutto driftsinntekter» nytta som renteeksponeringsindikator

Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktning) som del av brutto driftsinntekter er nytta som nøkkeltal av alle i grunnlagsmaterialet.

- TF si anbefaling er maksimalt 50-60 %.
- Riksrevisjonen nyttar høgt gjeldsnivå når dette er over 75 %

KOSTRA-tal for 2018 viser:

Fitjar	76,6 %
Etne	99,9 %
Tysnes	71,8 %
Kostragruppe 3	98,5 %
Landet utan Oslo	105,6 %

Utvikling for Fitjar siste 8 år:

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
64,3	67,7	73,6	87,3	79,1	82,5	79,2	76,6

Økonomiplan 2019 – 2022:

2019	2020	2021	2022
76,1	79,6	80,2	80,4

Dette nøkkeltalet vert nytta ifleire samanhengar, og rådmannen tilrår dette som eit av måltala.

Rådmannen tilrår å nytta dette målalet, og tilrår målalet til å vera 90 % for kommande økonomiplanperiode. Utgiftene ved dette gjeldsnivået er relativt høge, og kommunen bør på sikt styre mot ei gjeldsgrad på 80 %.

Konsekvens for Fitjar:

90 % av brutto driftsinntekter for Fitjar kommune er 272,7 mill. i 2019. For kommande økonomiplan vil dette setje avgrensing på samla låneopptak til ca. 90 mill. dei fire neste åra.

3) Renteeksponeringsindikator¹

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter vert nytta i KP og av KOSTRA. Det har ikkje vore råd å finna anbefalingar om nivå på dette målalet. KOSTRA skriv i si forklaring: «Variabelen gir en indikasjon på hvor mye av (fylkes)kommunens renteeksponerte gjeld som er igjen etter at rentekompensasjon og rentebærende likviditet er trukket fra, målt i forhold til driftsinntektene. Dersom renteeksponeringen er 40 prosent av driftsinntektene indikerer det at en renteoppgang på 1 prosentpoeng isolert sett vil spise 0,4 prosent av driftsinntektene. Variabelen kan gi en indikasjon på hvor sårbar (fylkes)kommunen vil være for endringer i rentenivået.»

KOSTRA-tal for 2018 viser:

Fitjar	32,2 %
Etne	41,9 %
Tysnes	24,6 %
Kostragruppe 3	36,1 %
Landet utan Oslo	42,3 %

Utvikling for Fitjar siste 4 år (tidlegare serie ikkje kompatibel):

2015	2016	2017	2018
39,6	39,8	39,2	32,2

Økonomiplan 2019 – 2022:

2019	2020	2021	2022
38,9	43,4	46,7	50,2

Netto finansutgifter som del av brutto driftsinntekter vert nytta av TF.

- I artikkelen i Kommuneøkonomi tilrår TF at dette måtalet bør maksimalt vera 2 – 3 %.

Talet viser kor stor del av inntektene som går med til å betale (netto) renter og avdrag. Eller i kva for grad gjelda tynger økonomien til kommunen

Basert på KOSTRA-tal for 2018 viser:

Fitjar	4,2 %
Etne	3,2 %
Tysnes	9,8 %
Kostragruppe 3	4,8 %
Landet utan Oslo	4,3 %

Utvikling for Fitjar siste 4 år:

2015	2016	2017	2018
4,8	4,4	4,2	4,2

Økonomiplan 2019 – 2022:

2019	2020	2021	2022
4,8	5,7	6,1	6,4

Sertifikatlån i prosent av brutto driftsinntekter er eit nøkkeltal som vert nytta i KP. Sertifikatlån er lån med løpetid inntil eitt år. Fitjar nyttar ikkje slik finansiering.

Risikovurderinga i Finans- og gjeldsforvaltningsrapporten gjev eit spesifikt måltal på renterisikoen for kommunen. Denne risikoen vert rapportert kvart tertial, men kan ikkje samanliknast med andre kommunar.

Finans kan ikkje seiast i inngå i kommune sitt kjerneområde, og risikoen bør difor avgrensast. Rådmannen tilrår å nytte renterisiko som definert i Finans- og gjeldsforvaltningsreglementet som måltal, og tilrår måtalet til 0,2 % (låg risiko).

Konsekvens for Fitjar:

0,2 % av brutto driftsinntekter for Fitjar kommune er 0,6 mill. i 2019. Kommunen hadde ei renteesponering på 0,57 mill. per 2. tertial, og bør difor oppretthalda delen av fastrente / rentebytteavtalar på dagens nivå.

4) Likviditetsindikator

Arbeidskapital (ekskl. premieavvik) som del av brutto driftsinntekter er eit nøkkeltal som vert nytta i KP, av KOSTRA og av TF. Arbeidskapital er omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld, og gjev uttrykk for kommunen si evne til å betala forpliktingane etter kvart som dei forfell.

Sandnes kommune skriv på nettsidene deira i «Økonomiske måltall for berekraftig utvikling»: «Arbeidskapitalen benyttes både for å angi likviditet (evnen til å betale forpliktelsene etter hvert som de forfaller) og soliditet (evnen til å tåle tap).

Arbeidskapitalen bør være positiv, og normtall for tilfredsstillende arbeidskapital er at den bør utgjøre 10-15 prosent av driftsinntektene.»

KOSTRA-tal for 2018 viser:

Fitjar	19,8 %
Etne	31,4 %
Tysnes	24,6 %
Kostragruppe 3	23,0 %
Landet utan Oslo	21,8 %

Utvikling for Fitjar siste 8 år:

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
12,1	9,7	6,8	9,5	7,1	15,4	16,3	19,8

Økonomiplan 2019 – 2022:

2019	2020	2021	2022
18,8	18,5	16,4	13,8

Fitjar har som praksis å finansiere årets investeringar med driftslikviditet fram til eit låneopptak på slutten av året. Ein gjer dette for rekneskapsmessig å «spare» eit halvt års avdrag i den påfølgande årsrekneskapan. I år med store investeringar gjev dette utfordringar til likviditeten. Sist kommunen måtte gjere grep for å kunne møte våre betalingsforpliktingar, var våren 2016.

Ny kommunelov har ny berekning av minimumsavdrag. Dette gjer at Fitjar sin praksis med å «spare» eit låneavdrag, ikkje lenger er mogleg. Kommunen står difor friare til kva tid ein skal ta opp lån til investeringar, og gjennom det betra betalingsevna tidlegare på året.

Fram til no har kommunen nytta langsiktig finansielle midlar til driftslikviditet. Dette er ei langsiktig finansiering av kortsiktig gjeld, og betrar likviditeten. Dersom denne praksisen skulle endrast, vil ein måtte revurdere storleiken på dette målalet.

Rådmannen tilrår dette målalet, og tilrår målalet til 17 % ut frå dei seinare års erfaring.

5) ROBEK-indikator

Fri eigenkapital som del av brutto driftsinntekter vert nytta av KOSTRA. I KP vert Disposisjonsfond + mindreforbruk (pst.) nytta, og er same indikator. TF nyttar omgrepet Akkumulert rekneskapsresultat (resultat etter årsoppgjer) som del av brutto driftsinntekter. Dette er og same indikator.

Utviklinga av dette målalet viser om kommunen er på veg inn i ROBEK (Register om vilkårsbunden godkjenning og kontroll) og statleg økonomikontroll.

- TF rår til at dette målalet har ei minimumsgrense på 5 – 10 %.

KOSTRA-tal for 2018 viser:

Fitjar*	11,8 %
Etne	15,4 %
Tysnes	15,3 %
Kostragruppe 3	10,0 %
Landet utan Oslo	11,2 %

* Frå rekneskapan etter årsoppgjersdisposisjonar

Utvikling for Fitjar siste 4 år (tidlegare serie ikkje kompatibel):

2015	2016	2017	2018
2,9	6,2	8,8	11,8

Økonomiplan 2019 – 2022:

2019	2020	2021	2022
12,6	12,9	11,4	9,5

Her bør ein merkja seg at kommunestyret vedtok i økonomiplanen 2019-2022 å nytte om lag 3,2 prosentpoeng av disposisjonsfondet til drift, målt i brutto driftsinntekter 2018.

Rådmannen tilrår å nytta dette målalet, og tilrår målalet til å vera 10 %.

Konsekvens for Fitjar:

10 % av brutto driftsinntekter for Fitjar kommune er 30,6 mill. i 2019. 1. januar 2019 var status på disposisjonsfondet 37,9 mill. Det vart vedteke å nytte 10 mill. av desse midlane i økonomiplanen 2019-2022. Kommunen bør difor avgrensa bruk av disposisjonsfondet i kommande økonomiplan.

6) Andre nøkkeltal nytta i grunnlagsmaterialet

Meirforbruk i prosent vert nytta i KP og av KOSTRA. Fram til og med 2019, har ikkje Rådmannen lov til å dekke (eit rekneskapsmessig) meirforbruk ved å bruke av disposisjonsfondet. Ein kommune komme dermed rapportert eit meirforbruk, samstundes som kommunen hadde midlar på disposisjonsfondet.

I ny kommunelov vart strykingsreglane endra slik at rådmannen skal dekke meirforbruk med midlar frå disposisjonsfondet, før eit eventuelt meirforbruk skal rapporterast. Denne endringa gjer målalet mindre aktuelt å nytte.

Frie inntekter per innbyggjar (kr) vert nytta av KOSTRA. Kommunestyret har i svært liten grad innverknad på dette talet, og det er difor vurdert som lite føremålstenleg å nytte.

Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter vert publisert av KOSTRA. KOSTRA skriv i forklaringa: «Nøkkeltallet viser (fylkes)kommunens brutto investeringer i prosent av brutto driftsinntekter. Forholdstallet kan antyde noe om fremtidig belastning på driftsbudsjettet gjennom avdrag og renter, for den delen av investeringene som er lånefinansiert. Nivået på investeringene varierer veldig fra år til år ut fra lokale behov og nasjonale prioriteringer, og dataene er vanskelig sammenlignbare.» Rådmannen er einig i atterhalda, og tilrår ikkje å nytte dette målalet.

Eigenfinansiering av investeringane i prosent av totale brutto investeringar vert publisert av KOSTRA.

KOSTRA skriv i forklaringa: «Nøkkeltallet beskriver hvor stor del av (fylkes)kommunens investeringer som finansieres med egenkapital. Med andre ord andelen av investeringene som ikke er lånefinansiert. Høy egenkapitalandel tilsier mindre belastning på fremtidige driftsbudsjetter. Aktuelle finansieringskilder er statlige tilskudd, salg av fast eiendom og bruk av tidligere oppsparte midler avsatt på fond. Begrepet defineres som brutto investeringsutgifter minus bruk av lån.»

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek desse finansielle måltala:

- 1) Sunnheitsindikator: Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera minst 1 %.
- 2) Gjeldsbelastningsindikator: Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikting) som del av brutto driftsinntekter skal ikkje overstige 90 %.
- 3) Renteeksponeringsindikator: Renterisiko (som definert i Finans- og gjeldsforvaltningsreglementet) skal ikkje overstige 0,2 %.
- 4) Likviditetsindikator: Arbeidskapital (ekskl. premieavvik) som del av brutto driftsinntekter skal minimum vera 17 %.
- 5) ROBEK-indikator: Fri egenkapital som del av brutto driftsinntekter skal vera minimum 10 %.

Behandling i Formannskapet - 06.11.2019:

Rådmann Olaug Haugen orienterte om bakgrunn for saka, og svarta på spørsmål frå formannskapet.

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek desse finansielle måltala:

- 1) Sunnheitsindikator: Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera minst 1 %.
- 2) Gjeldsbelastningsindikator: Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikting) som del av brutto driftsinntekter skal ikkje overstige 90 %.
- 3) Renteeksponeringsindikator: Renterisiko (som definert i Finans- og gjeldsforvaltningsreglementet) skal ikkje overstige 0,2 %.
- 4) Likviditetsindikator: Arbeidskapital (ekskl. premieavvik) som del av brutto driftsinntekter skal minimum vera 17 %.
- 5) ROBEK-indikator: Fri eigenkapital som del av brutto driftsinntekter skal vera minimum 10 %.

Behandling i Kommunestyret - 20.11.2019:

Rådmann Olaug Haugen orienterte om saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek desse finansielle måltala:

- 1) Sunnheitsindikator: Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera minst 1 %.
- 2) Gjeldsbelastningsindikator: Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikting) som del av brutto driftsinntekter skal ikkje overstige 90 %.
- 3) Renteeksponeringsindikator: Renterisiko (som definert i Finans- og gjeldsforvaltningsreglementet) skal ikkje overstige 0,2 %.
- 4) Likviditetsindikator: Arbeidskapital (ekskl. premieavvik) som del av brutto driftsinntekter skal minimum vera 17 %.
- 5) ROBEK-indikator: Fri eigenkapital som del av brutto driftsinntekter skal vera minimum 10 %.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Fitjar kommune

Vedteke i kommunestyret 8. desember 2021

Innhald

1.	OVERORDNA RAMMER	2
1.1.	Føremålet med reglementet og forvaltninga.....	2
1.2.	Kven reglementet gjeld for	2
1.3.	Heimel	2
1.4.	Ansvar og fullmakter	2
1.4.1.	Kommunestyrets ansvar	2
1.4.2.	Rådmannens ansvar og fullmakter.....	2
1.5.	Kompetanse og rutinar.....	3
1.6.	Verknad	3
2.	KOMMUNENS FINANSIELLE MIDLAR OG GJELD	3
2.1.	Likviditet.....	3
2.1.1.	Forvaltning av ledig likviditet	3
2.2.	Langsiktige finansielle aktiva	4
3.	FORVALTNING AV GJELDSPORTEFØLJE OG ANDRE FINANSIERINGAVTALAR	4
3.1.	Vedtak om opptak av lån.....	4
3.2.	Val av låneinstrument og finansielle instrument	5
3.3.	Låneopptak	5
3.4.	Konkurrerende tilbud	5
3.5.	Storleiken på einskilde lån	5
3.6.	Nedbetaling av lån.....	5
4.	HANDTERING AV RENTERISIKO	6
4.1.	Mål ved handtering av renterisiko.....	6
4.2.	Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument	6
5.	RAPPORTERING OG KONTROLL	6
5.1.	Rapportering	6
5.2.	Kvalitetssikring	7
5.3.	Handtering av avvik.....	7

1. OVERORDNA RAMMER

1.1. Føremålet med reglementet og forvaltninga

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for den samla finansforvaltninga. Reglementet gir eit samla oversyn over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og dei fullmakter / instruksar og rutinar som vert heimla i dette reglementet. Vidare definerer reglementet avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar, plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva og opptak av lån / forvaltning av gjeld.

Kommunen skal forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.

1.2. Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld Fitjar kommune med verksemdar organisert som kommunale føretak og interkommunalt samarbeid etter kommunelova sin § 17-1 der Fitjar kommune er vertskommune.

I den grad disse verksemdene har en eigen finansforvaltning skal denne utøvast i samsvar med dette reglementet, eller i tilfellet med interkommunalt samarbeid, etter eit avtalt finansreglement som er godkjent av kommunestyret.

1.3. Heimel

Reglementet er utarbeida på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018, § 14-1 og 14-2
- Føresegn om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar, fastsett av KRD 18. november 2019 (FOR-2019-11-18-1520)

1.4. Ansvar og fullmakter

1.4.1. Kommunestyrets ansvar

- Vedta kommunens finansreglement
- Sørgje for at forvaltninga skjer i samsvar med kommunelova med tilhøyrande forskrifter.
- Fastsetje kommunens finansstrategi og ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jf. kommunelov § 14-1.
- Ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga, under dette kva som vert rekna som langsiktige finansielle aktiva.
- Kontrollere at finansreglementet er vurdert av uavhengig instans.

1.4.2. Rådmannens ansvar og fullmakter

Rådmannen har ansvar for å følgje opp vedteke finansreglement på vegne av kommunestyret og skal blant anna ha ansvar for og fullmakt til følgjande:

- Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Rådmannen får fullmakt til å plassere kommunen sine midlar i samsvar med reglane i dette reglementet.
- Rådmannen får fullmakt til å forvalte kommunen si gjeldsportefølje i samsvar med retningslinene i dette reglementet.

- Det ligg til rådmannen å utarbeide naudsynte fullmakter / instruksar / rutinar for dei einiskilde forvaltningsformene.

1.5. Kompetanse og rutinar

Det skal etablerast rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, under dette refinansiering ved opptak av lån, og rutinar som sørgjer for at finans- og gjeldsforvaltninga er i samsvar med finansreglementet.

Reglementet skal byggja på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.

1.6. Verknad

- Reglementet trer i kraft frå og med 3.november 2021, og gjeld til nytt finansreglement er vedteke. Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret har vedteke for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning.

2. KOMMUNENS FINANSIELLE MIDLAR OG GJELD

2.1. Likviditet

Kommunen skal til ein kvar tid ha tilgjengeleg driftslikviditet (inkludert trekkrettigheter), som er minst like stor som forventa likviditetsbehov dei neste 3 månader.

Midlar til driftsføremål (inkludert ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot. Plasseringane skal gjerast i norske kroner (NOK).

Det skal inngåast rammeavtale for å ivareta trongen for banktenester. Ved val av hovudbank vert det stilt krav om at banken skal ha tilstrekkeleg økonomisk evne og tryggleik.

Ved behov kan kommunen avtala trekkrettar som sikrar at ein kan få tilført likviditet på maksimum ei veker varsel utan å gå vegen om formelt låneopptak. Trekkrettane bør avtalast slik at ein i tilfelle overskotslikviditet og kan nedbetala på trekkretten innan ei veke utan formelle krav.

2.1.1. Forvaltning av ledig likviditet

Ledig likviditet og midlar berekna for driftsføremål, skal forvaltast med lav finansiell risiko og høg likviditet. Hovudregel er at ledig likviditet vert ståande på driftskonto i kommunens hovudbank, eventuelt supplert med innskot i større spare- eller foretningsbankar med forvaltningskapital som overstiger NOK 1 mrd.

Dersom fastrenteavtale gjev vesentleg betre rentevilkår enn bankavtalen gjev, kan avtale om plassering av ledig likviditet på inntil 3 månader inngåast.

Samla innskot i bank / kredittinstitusjon skal ikkje overstige 1 % av forvaltningskapitalen til institusjonen.

Kommunen sitt samla innskot i ein bank /kredittinstitusjon, utanfor hovudbankavtalen skal ikkje overstige NOK 10 mill.

2.2. Langsiktige finansielle aktiva

Langsiktig likviditet er definert som udisponerte midlar; disposisjonsfond og ubundne drifts- og investeringsfond.

Kjøp av aksjar kan vera definert som langsiktige finansielle aktiva. Aksjekjøp kan såleis inntil vidare ikkje finansierast ved bruk av lån.

Kommunen sine aksjar og ansvarlege lån i ulike selskap er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert (selskapa vert omtalt i Rådmannen si eigarskapsmelding). Då investeringane og eigarskapa ikkje er finansielt motivert, er dei ikkje omfatta av finansreglementet.

- **Anleggsaksjar:** Som anleggsaksjar definerer ein investeringar i aksjar i tiltak der det elles ville vore eit naturleg alternativ med ei direkte kommunal investering t.d. kulturbygg eller idrettsanlegg. Anleggsaksjar kan finansierast med langsiktige lån, dersom fylkesmannen godkjenner dette. Kommunen kan og nytta kommunale fond etter vedtak i kommunestyret.

Som anleggsaksjar vurderer ein og aksjar i selskap for interkommunale føremål eller liknande.

- **Støtteaksjar:** Som støtteaksjar definerer ein investeringar der kommunen går inn med aksjar for å få i gang ein ynskt aktivitet, eller som direkte støtte til tiltaket, og det ikkje er naturleg med eit direkte kommunalt engasjement.
- Investeringar i støtteaksjar kan vera med reint bagatellmessig beløp.
- Investeringar i støtteaksjar kan ikkje finansierast med lån, men kommunen kan nytta kommunale fond til føremålet etter vedtak i kommunestyret.
- **Interesseaksjar:** Som interesseaksjar definerer ein investering med små beløp i selskap som har karakter av interesseorganisasjonar for bestemte føremål, og der kunnskap og støtte til føremålet er avgjerande for investeringa.

Investering i interesseaksjar kan ikkje finansierast med lån eller fondsmidlar.

- **Finansaksjar:** Det er per i dag ikkje aktuelt for Fitjar kommune å plassere i finansaksjar. Om denne situasjonen skulle endre seg, skal finansreglementet verta teken opp til revidering.

Langsiktig likviditet kan stå på driftskontoen og nyttast som driftslikviditet.

Fitjar kommune kan plassere langsiktig likviditet på fastrenteavtale / høgrentekonto med løpetid på inntil 1 år.

3. FORVALTNING AV GJELDSPORTEFØLJE OG ANDRE FINANSIERINGAVTALAR

For å nå målsetjingane for tilfredsstillande kvalitet, mengde og trykk, samt forsyningstryggleik er aktiv forbetring av eksisterande leidningsnett ein føresetnad. I løpet av planperioden skal alle leidningar av materiale som kan forringe vasskvaliteten sanerast. I tillegg til tiltaka skissert under skal det drivast aktivt lekkasjesøk i heile planperioden for å redusera mengda tapt vatn.

Tiltak i planperioden:

FI-1-V: Sanering av overføringsleidning Rimbareid

FI-2-V: Forlengje miljøgata med VA-anlegg langs fylkesvegen, sanering av eksisterande vassleidning (Felles tiltak med avløp).


FI-3-V: Sanering av forsyningsleidningar i Hamn og i Fitjar sentrum (Felles tiltak med avløp).

FI-4-V: Sanering VA Fitjarstølane (Felles tiltak med avløp).


FI-5-V: Sanering av forsyningsleidning Lia-Koløy (Felles tiltak med avløp).

FI-6-V: Sanering av overføringsleidning Vik-Tveita.


FI-7-V: Sanering av forsyningsleidning mellom Revurda og Selevik skule. Tiltaket avheng av at planlagt bustadfelt i området vert utbygd.




Figur 12: Kartutsnittet synar saneringstiltak i Fitjar sentrum, FI-1-V, FI-2-V, FI-3-V og FI-4-V.



Figur 13: Saneringstiltak på vassleiding mellom Lia og Koløy, tiltak FI-5-V.



Figur 14: Saneringstiltak på vassleiding mellom Vik og Tveita. Tiltaket vert utført i samband med vegutviding og etablering av gang- og sykkelveg.



Figur 15: Tiltak FI-7-V, sanering av eksisterande leidning mellom Revurda og Selevik skule.

5.2 Prosjekt 2 Rimbereid vassverk

5.2.1 Kapasitet i vassverket

ROS for vassforsyninga peiker på at heile kapasiteten i anlegget tidvis vert nytta, og at vassverksproduksjonen er sårbar om delar av anlegget fell ut. Vassverket skal ha restkapasitet til ei kvar tid, inklusive toppar i produksjonen.

I løpet av planperioden skal kapasiteten aukast. Ved å ta høgde for estimert folkeauke og målsetjing om lekkasjereduksjon til 10-20% vert vassforbruket i det maksimale døgnnet i den maksimale timen om lag 55 l/s i år 2060. Kapasiteten i vassverket skal aukast ved å leggje inn eit ekstra UV-filter i vasshandsamingsanlegget.

Naudsynt kapasitet i vassverket må sjåast i kombinasjon med eksisterande og planlagde høgdebasseng i kommunen, samt oppnådd lekkasjereduksjon. Før investering i kapasitetsauke i vassverket skal det etablerast ein leidningsnettmodell for vassforsyninga. Modellen vil vera eit verktøy for å optimalisera naudsynt kapasitet i reinseanlegget, volum i høgdebasseng, samt vurdere tilgjengeleg brannvasskapasitet i nettet.

Ved auka uttak av vatn til vassverket, utover løyvet som er gitt, må det søkast til NVE etter vassressurslova.

Tiltak i planperioden:

FI-8-V: Utviding av reinsekapasitet i vassverket.

Merkand: Før utviding av kapasitet i reinseanlegget, samt bygging av nytt (nye) høgdebasseng skal det etablerast ein leidningsnettmodell for vassforsyningsystemet i Fitjar.

5.2.2 Vasskvalitet

Drikkevassforskrifta §13 slår fast at «*Vannbehandling og kildebeskyttelse etter §12 til sammen skal gi tilstrekkelig hygieniske barrierer*». Vassverkseigar er ansvarleg for at vatnet til ei kvar tid vert behandla tilstrekkeleg.

Målingar i Svartavatnet syner god kvalitet. Likevel, ved nedtapping av vatnet i kombinasjon med store nedbørshendingar eller isskuring får ein utvasking av organisk materiale (humus) i kjelda og med det auka fargetal i råvatnet. Høgt fargetal førar til redusert reinseffekt i UV-anlegget i vassverket.

I framtidas klima vil ein oppleve meir intense og store nedbørshendingar, lengre periodar med tørke og nedtappa kjelde, og truleg eit aukande problem med utvasking av organisk materiale i kjelda. I tillegg kan reduksjon i sur nedbør føre til at meir organisk materiale vert frigjort til kjelda.

Risiko- og sårbarheitsanalyse frå 2106 konkluderer at det skal utarbeidast rutinar for når ein skal starte med kloring som eige reinsetrinn i anlegget. Basert på ei risikovurdering skal ein ha rutinar for når på året, og ved kva for hendingar ein skal starte med kloring. Skriftleg prosedyre for kloring skal vera testa og utprøvd før eventuell bruk.

Tiltak i planperioden:

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er eit levande dokument og skal reviderast ved endringar i vassforsyninga, eller minst kvart fjerde år. ROS for vassforsyninga i Fitjar skal reviderast i 2020 og skal gjerast etter rettleiaren til Mattilsynet – *økt sikkerhet og beredskap i vannforsyninga, 2017*.

Ved revidering av ROS skal ein ha ei driftsgjennomgang av vassverket, og vurdere på ny om kloring vil gi tilstrekkeleg redusert risiko ved auka fargetal.

FI-9-V: Revidering av ROS inkludert driftsgjennomgang av vassverket. ROS skal til ei kvar tid vera oppdatert og er ikkje eit enkelt tiltak i planperioden, men eit kontinuerleg arbeid.


5.3 Prosjekt 3 Reservevasskjelde

Vassverkseigar skal sikre at vassforsyningsystemet er utstyrt og dimensjonert samt har driftsplanar og beredskapsplanar for å kunna levera tilstrekkeleg mengder drikkevatt til ei kvar tid. I drikkevassforskrifta stilles det ikkje direkte krav til reservevasskjelde men det stillast krav til forsyningstryggleik. Korleis vassverkseigar ivaretar forsyningstryggleiken kan løysast på fleire måtar. Per i dag er det naudvatn (utkøyr vatn utanom distribusjonsnettet) som er beredskapen i Fitjar for hygienisk trygt drikkevatt gitt at vasskjelda og/eller vassverket fell ut. Drikkevassforskrifta seier ikkje mykje om skal eller bør, men er tufta på at farar er identifisert og vurdert. Vassforsyninga i Fitjar er sårbar ved eit lengre brot i vassforsyninga frå Svartavatn og/eller vassverket.

Stord kommune arbeider med revisjon av sin kommunedelplan for vassforsyning. Eit av tiltaka som vert vurdert er vassforsyning til hyttefelt på Brotaneset. Stord kommune stiller seg positiv til eit samarbeid om utveksling av vatn, og då at Stord kommune sitt vassforsyningsystem vil fungera som reservevasskjelde for Fitjar. Tiltaket må vurderast vidare i samråd med Stord kommunalteknikk (SKT). Tiltaket må også fungere som ei forsyning ved brann og med det auke brannvasskapasiteten i leidningsnettet.

Tiltak i planperioden:

FI-10-V: Tilknytning til Stord kommune sitt leidningsnett via sjøleidning i Søre Dåfjorden, frå Lønevågen til Brotaneset. Tiltaksår og gjennomføring må samkøyrast mot SKT




Figur 16: Tilknytning til Stord kommune sitt leidningsnett på Brotaneset. Kartutsnittet visar eksisterande leidningsnett i Dåfjord (blått) og planlagd sjøleidning i Søre Dåfjord (lilla). Svart stipla linje er kommunegrensa mellom Fitjar- og Stord kommune.

5.4 Prosjekt 4 Høgdebasseng Fitjarstølane

Eit høgdebasseng jamnar ut og sikrar vassforsyninga ved toppar i forbruket. Høgdebassenga syt også for nok vatn ved styrttapping på leidningsnettet, til dømes ved brann. Målingar på eksisterande leidningsnett synar at brannvasskapasiteten i deler av nettet er lav og bør aukast.

Det skal byggjast høgdebasseng i Fitjarstølane. Volum på høgdebassenget er estimert til 900 m³. Optimalisering av størrelse og plassering avklarast ved bruk av leidningsnettmodell. Figur 17 synar eit område aust for Fitjarstølane som kan vera aktuelt for plassering av høgdebassenget. Høgdebassenget må plasserast med omsyn til industriområde på Årskog og forsyning mot leidningsnettet nord i kommunen.

FI-11-V: Høgdebasseng Fitjarstølane




Figur 17: Område aust for Fitjarstølane som kan vera aktuelt for plassering av høgdebasseng

5.5 Prosjekt 5 Høgdebasseng Storhaug

Høgdebassenget på Storhaug er ikkje-utført tiltak frå førre hovudplan (Tabell 2) og tiltaket vidareførast i kommande planperiode. Volum er sett til 700 m³. Endeleg volum og behovet for bassenget avklarast ved bruk av leiingsnettmodell.

Tiltak i planperioden:

FI-12-V: Høgdebasseng Storhaug




Figur 18: Høgdebasseng på Storhaug.

5.6 Prosjekt 6 Årskog

Årskog er regulert for industri og det er venta ytterlegare utbygging i området. Det skal etablerast nytt VA-anlegg for vassforsyning, avløp og overvatn.

Tiltak i planperioden:

FI-13-V: Ny forsyningsledning til industriområde på Årskog. Felles tiltak med avløp.



Figur 19: Nyanlegg Årskog industriområde.


5.7 Prosjekt 7 Vassforsyning til Sandvikvåg

I planperioden skal kommunen sitt vassforsyningssystem byggjast ut til Sandvikvåg, og til å dekke det som i dag er Sandvik vassverk sitt forsyningsområde. Det vert lagt ny leidning frå dagens leidning i Sandvikvågvegen til Glippevatn, deler av dette strekket må etablerast med borehol. Vidare vert det lagt sjøleidning i Glippevatn og leidning i terreng og veg mot Sandvikvåg.

Som ein del av planarbeidet har ein vurdert om forsyningsystemet kan byggjast ut til å inkludere Tufteland, Skumnes og Stokken. Kostnaden ved å leggje leidningen i veg er berekna til 7,2 millionar. Tiltaket er vanskeleg å gjennomføra slik vegen er i dag. Det vert vurdert som ikkje realistisk i planperioden 2020-2030.

Tiltak i planperioden:

FI-14-V: Vassforsyning til Sandvikvåg



Figur 20: Vassforsyning til Osterneset. Det er vurdert tiltak med vassleidning i veg, markert med blå linje. Raude merker synar bustader langs traséane.

6 Handlingsplan

6.1 Overordna prioritering

Forsyningstryggleik vil i stor grad vere styrande for prioritering av aktuelle tiltak i komande planperiode. Det skal byggast ut med sikte på å levera hygienisk trygt drikkevatt i alle driftssituasjonar.

6.2 Tiltak i planperioden 2020-2030

Dei samla investeringane i vassforsyninga i planperioden går fram av handlingsplanen i Figur 21

Tiltak og økonomi for kommunedelplan for vassforsyning , Fitjar kommune													
Projektnr.	Prosjektnamn	(MNOK)	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
1	Saneringstiltak	21.8		3.6	3.6		3.6		3.6			3.6	3.6
2	Rimbareid vassverk	0.8						0.8					
3	Høgdebasseng Fitjarstølane	8.8			4.4	4.4							
4	Reservevasskjelde	4.7						4.7					
5	Årskog	0.8			0.8								
6	Høgdebasseng Storhaug	8.0								4.0	4.0		
7	Vassforsyning til Sandvikvåg	3.4					1.7	1.7					
8	Fornyng, forvaltng	5.3	0.25	0.5	0.5	0.5	0.5	0.5	0.5	0.5	0.5	0.5	0.5
9*	Bemanning	4.0	0.0	0.4	0.4	0.4	0.4	0.4	0.4	0.4	0.4	0.4	0.4
	Total sum og årlege investeringar	57.3	0.25	5	9.7	5.3	6.2	8.0	4.5	4.9	4.9	4.5	4.5

Figur 21: Handlingsplan vassforsyning, 2020-2030. *Prosjekt 9 Bemanning er ein driftskostnad, og ikkje investering.

Ved økonomisk kalkyle på dette nivået er uvissa i overslaga store, dette er synleggjord ved at det er lagt inn ein buffer på 30 % i alle kostnadsoverslag. Faktisk kostnad for dei ulike tiltaka vil avhenge av ulike faktorar, til dømes val av teknologi og uforutsette faktorar. Erfaring viser at grøtfevrie metodar for fornyng og nyinstallering av VA-leidningar i mange tilfelle sparar tid og ressursar, men det er vurderingar som vil bli gjort på eit meir detaljert plannivå enn kommunedelplanen.

Posten «fornyng og forvaltng» inneber investeringar i sanering av leidningsnett der dette er naudsynt. Behova for fornyng kan endre seg i løpet av planperioden, derfor treng ein å ha noko rom for omprioriteringar undervegs.

7 Økonomi

7.1 Årskostandar og gebyrgrunnlag

Ved investeringar i teknisk infrastruktur legg ein til grunn forventa levetid for investeringar på 20 - 100 år. Kor lang levetid ein skal dimensjonere anlegga for vil avhenge av type anlegg. I denne planen leggjast det til grunn at maskinteknisk utstyr har ei levetid på 20-30 år, medan leidningsnett skal byggjast slik at det har ei levetid på 100 år og ei nedbetalingstid på 40 år. Det vises til Norsk Vann Rapport 210/2015 Veiledning for praktisering av selvkost i vann- og avløpssektoren.

Totalt er det i planperioden foreslått investeringar på nær 60 mill. kr for vassforsyninga. Tiltaka skal heilt ut finansierast med gebyr og med utjamning av toppar i investeringar ved bruk av avsetningar i fond. Fornyng av leidningsnett vert finansiert med investeringsmidlar når det er snakk om meir enn vanleg vedlikehald. Figur 22 synar planlagde investeringar per år i perioden 2020-2030.



Figur 22: Investeringar per år, 2020-2030.

Framdrift og økonomi for vassforsyningsutbyggingar må sjåast i samanheng med kommunedelplan for avløp og vassmiljø. Fitjar kommune har store investeringar innanfor avløp og vassforsyning framføre seg, og investeringstakt i vassforsyninga må tilpassast investeringsnivået for avløp.

Konsekvensar for vassgebyra av dei tiltaka som er foreslått i planperioden er vist i Tabell 6.

Tabell 6: Gebyrutvikling basert på planlagde investeringar i vassforsyninga 2020-2030.

Årstal	Investering i [mill.kr]	Årsgebyr abonnement [kr]
2020	0.25	3548
2021	4.5	4257
2022	9.7	4635
2023	5.3	5033
2024	6.2	5221
2025	8.0	5446
2026	4.5	5747
2027	4.9	5882
2028	4.9	6029
2029	4.5	6173
2030	4.5	6297

Gebyrnivået for vassforsyning har tradisjonelt vore lågt i Fitjar samanlikna med andre kommunar. Årsgebyret for vassforsyning i 2030 er berekna til ca. 6300 kr ekskl. mva per abonnement. Skissert gebyrauke i komande planperiode vert på om lag 6 % pr. år i gjennomsnitt.

8 Vedlegg

8.1 Vedlegg A: Plankart

8.2 Vedlegg B: Høyringsfråsegn

8.2.1 Innspel til kommunedelplan for vassforsyning med omsyn til innspel i planarbeidet.

8.2.2 Innspel til planprogram for vassforsyning, avløp og vassmiljø

Hovudmålet med kommunedelplan for avløp og vassmiljø er at avløpsvatn skal handterast på ein slik måte at vassmiljøet i resipientane ikkje vert forringa.

Kommunedelplanane er overordna planar som angir korleis Fitjar kommune skal sikre ein berekraftig infrastruktur for vassforsyning og avløp som er tilpassa den forventa utviklinga i kommunen, og som oppfyller krav i lover og forskrifter. Planen er Fitjar kommune sin styringsreiskap for tiltak som skal gjennomførast i planperioden fram til 2030.

Det er komen inn seks innspel til kommunedelplanen for avløp og vassmiljø, etter at den har vore på offentleg ettersyn. Desse er gjengjeven i KDP Avløp og vassmiljø Vedlegg B, saman med kommentar til korleis innspela er teken omsyn til i planarbeidet.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår Fitjar kommunestyre til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at og *Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Utval for plan og miljø - 08.09.2020:

Rådmannen orienterte om saka i møtet.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at *Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Kommunestyret - 30.09.2020:

Kommunestyret drøfta saka.

Representanten Jo Kjetil Strand (H) la føre følgjande forslag om utsetjing: Ber om at det vert jobba fram løysingar som ikkje bidrar til så dramatiske aukingar i gebyret. Forslaget fekk 3 røyster (H), og fall.

Vedtak: (14 røyster mot 3 røyster (H))

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at *Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg 1

Tilstand på kommunale vegar

Tilstand på kommunale vegar

Hovlandsjøen Privatiseres, 2 husstander

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1962	303m/3m	Asfalt	Nei	God	Tilkomstveg for to husstandar, opprinneleg bygd som tilkomstveg for landhandel, post, dampskipskai. Vegen er ombygd i samband med E39. Vegen har ikkje kommunal funksjon i dag.

Færøysundvegen Privatiseres, kun fritidsbustader

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1939-55	1050m/3m	Asfalt 1973	Nei	Vegbanen er sporkjørt, og krakkelert	Tilkomstveg for sommarpensjonat, opprinneleg bygd som tilkomstveg for landhandel, post, dampskipskai. I dag er det fritidsbustader der.

Gamlevegen Sandvikvåg

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1956-58	696m/3,5m	Asfalt	Nei	Vegbanen sporkjørt, og krakkelert, telehiv	Tilkomstveg for bustadhus, småbruk.

Tveit-Stokken

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1940	620m/2,5m	Asfalt 2011	Nei	God	Tilkomstveg for eit gardsbruk, og hytte turistar, stokken området er og nytta som turområde, opprinneleg bygd som tilkomstveg for festningsanlegg.

Gloppevågen Privatiseres, 3 bustadhus og nokre naust

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1946-53	265m/2,5m	Asfalt 2014	ja	God	Tilkomstveg for tre bustadhus, opprinnelig bygd som tilkomstveg for landhandel, post, dampskipskai.

Vardavegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1982	1160m/5m	Asfalt 1982	veglys	Vegbanen er krakkelert	Tilkomstveg for industriområde. Defekte veglys

Leirpollvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1982	859m/5m	Asfalt 1982	veglys	Vegbanen er krakkelert	Tilkomstveg for industriområde, djupvasskai

Veg til Fitjar idrettspark

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1989	200m/3m	Asfalt 1989	Nei	god	Tilkomstveg for Idrettsanlegg og barnehage, vegen omlagt i samband med bustadfelt utbygging i 2012

Veg til Rossnes

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
2013	4987m/5m	Asfalt	ja	god	Tilkomstveg for bustadfelt

Steinabrekko

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1972	701m/5,5m	Asfalt 1988, fram til kryss sørestølen 2008	ja	God fram til kryss sørestølen, eldre del dårleg/ krakkelert	Tilkomstveg til Fitjarstølane bustadfelt

Søre stølen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
	666m/5m	Asfalt	ja	god	Tilkomstveg til Fitjarstølane bustadfelt/søre stølen

Stølen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1974	358m/4m	Asfalt 2007	veglys	god	Tilkomstveg til Fitjarstølane bustadfelt

Liarhaugvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk

1974	424m/3,5m	Asfalt 2006	veglys	god	Tilkomstveg til Fitjarstølane bustadfelt
------	-----------	----------------	--------	-----	---

Tednekleivo

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1982	276m/5m	Asfalt 1987-97	Delvis	God /middels	Tilkomstveg til Fitjarstølane bustadfelt

Havnavegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1984/2003	347m/5,5m	Asfalt	ja	god/dårleg	Tilkomstveg til Fitjar mek. Alders/sjukeheim, Havnahuset, Bakken og Havn bustadfelt, båthavn, Wartsila

Gamlehavnavegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1873 (utbetra og omlagt 1964)	351m/3,5m	Asfalt	ja	god	Tilkomstveg til bustader, alders/sjukeheim

Veg til Fitjar mek.verkstad, del av Havnavegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1956-63	224m/5,5m	Asfalt 1987- 2003	ja	god	Tilkomstveg til FMV, båtlag, boligblokk

Vestre bakkaveg

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1965-68	440m/5,5m	Asfalt 1987	ja	Middels, delvis krakkelet	Tilkomstveg til Havnahagen, bakken bustadfelt.

Austre bakkaveg

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1930	277m/3,5m	Asfalt 1997	veglys	god	Tilkomstveg til bustader, kunstgrasbane, gangveg mot havn/bakkenfeltet

Havnahagen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1965-68	263m/3,5m	Asfalt 2003	veglys	god	Tilkomstveg til bustader, behov for rekkverk langs murkant

Elvavegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
	409m/3,5m	Asfalt 1997	veglys	god	Tilkomstveg til bustader, kunstgrasbane, gangveg mot havn/bakkenfeltet

Varhaugvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1987	194m/3,3m	Asfalt	veglys	middels	Tilkomstveg til bakken bustadfelt

Bakken

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1987	189+58m /3,5m	Asfalt 1987	veglys	middels	Tilkomstveg til Bakken bustadfelt

Gamlevegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
	378m/2m	Asfalt 1973		Vegbanen er sporkjørt, og krakkelert	Tilkomstveg til bustadhus, småbruk, gangveg til skule

Austre Prestbøvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1965/1995	338m/5m	Asfalt 1997	veglys	god	Tilkomstveg til bustadhus, småbruk.

Vestre Prestbøvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1995	183m/5m	Asfalt	veglys	god	Tilkomstveg til bustader

Sjøsbrekko

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1887	300m /4,5m?	Asfalt 1998	Delvis	Middels, deler av vegbane er byrja å krakkelere	Tilkomstveg til bustadhus, gangveg til skule.

Rimbareidvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
	1200m /4,5m	Asfalt 1991	nei	nederste del god, resten dårleg	Tilkomstveg til bustadhus, gardsbruk og skulen

Nesbøvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk

1965	1210m/3m	Asfalt 1987	nei	Vegbanen er sporkjørt, og krakkelert	Tilkomstveg til bustadhus, gardsbruk
------	----------	----------------	-----	--	---

Gamle Vestbøstadvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1922	1330m /3m	Asfalt	Delvis veglys	God	Tilkomstveg til Bustadhus, gardsbruk, (opprinneleg bygd som tilkomst veg til Vestbøstad mølle)

Kjærelvvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1922	570m/3m	Asfalt	nei	God	Tilkomstveg til bustadhus, hyttefelt, Lerøy Sjøtroll

Vikeleitet

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1887	1573m/ 3,5m	Asfalt 1998	nei	Dårleg, krakkelering og sporkjørt	Tilkomstveg til bustadhus, gardsbruk.

Fitjargardsvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1947-63	1040m/ 3,5m	Asfalt 2002	Delvis veglys	middels/dårleg	Tilkomstveg til bustadhus, gardsbruk.

Kvednavegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1955- 1984	1488m/2.5m	Asfalt 2003 Grus øvredel	nei	god	Tilkomstveg til bustadhus, Fitjar vassverk

Hegranesvegen

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1947, omlagt og utbetra 97	200m/3,5m	Asfalt 1997	nei	god	Tilkomstveg til bustadhus, rørleggerforretning, Engevik & Tislevoll

Kalveid

Byggeår	Lengde/ bredde	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1965, utbetra 1997	193m/3,5m	Asfalt 1997	veglys	god	Tilkomstveg til bustadhus, mekanisk verkstad

Tilkomstveg Vestbøstadvfeltet, div. vegar

Byggeår	Lengde/	Dekke	Gangveg/	Tilstand	Merknad/Bruk
---------	---------	-------	----------	----------	--------------

	bredder		veglys		
Ca 1970	75+79+50m/3,5m	Asfalt 2003	veglys	middels	Tilkomstveg til bustadfelt.

Valbergvegen

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
Ca 1970	285m/3m	Asfalt 2003	veglys	middels	Tilkomstveg til bustadfelt

Grutle

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1970- 1982	289m/3m	Asfalt	veglys	Middels/ dårleg	Tilkomstveg til bustadfelt

Buskabrekko

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1983	188m/4m	Asfalt	veglys	middels	Tilkomstveg til bustadfelt, behov for 130m autovern i øvre del

Nordresjøvegen

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1997	670m/5,5m	Asfalt 2003	ja	God/ middels	Tilkomstveg til bustadfelt

Rundmyr

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
1974	524m/3,5m	Asfalt 1997	veglys	god	Tilkomstveg til bustadfelt

Hellandsfjorden Privatiseres, hytte og naust

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
	301m/3m	Asfalt	nei	Vegbanen er sporkjørt, og krakelert	Tilkomstveg til brygge, hytter. Liten kommunal brygge

Helland

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
	221m/3m	Grus	nei	middels	Tilkomstveg til bustadhus, gardsbruk, utleiehytter

Koløyvegen

Byggeår	Lengde/ bredder	Dekke	Gangveg/ veglys	Tilstand	Merknad/Bruk

1932, utbetra 1997	2392m/4m	Asfalt	veglys	Middels, deler av veg krakelert og sporkjørt, telehiv	Tilkomstveg til bustadhus, hytter, industriverksemd.
--------------------	----------	--------	--------	---	--

Sæterbøvegen, privatiseres

Byggeår	Lengde/bredde	Dekke	Gangveg/veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
Ca 1950	1340m /2,5m	Asfalt sporlagt 2002	nei	Sporkjørd, krakelert, kraftige sprekker, grus øvre del	Tilkomstveg til bustadhus, gardsbruk, turområde. (privat veg med komm. Vedlikehald)

Midtfjellvegen

Byggeår	Lengde/bredde	Dekke	Gangveg/veglys	Tilstand	Merknad/Bruk
2012	1340m /5,0 m	Asfaltert 2018	nei	God tilstand	Tilkomstveg til Midtfjellet Vindpark, drikkevatt og turområde. (privat veg med kommunalt vedlikehald)



SAKSFRAMLEGG

Vedlikehald av kommunale vegar og vegprivatisering

Utval sak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	16.03.2022
	Kommunestyret	23.03.2022

Vedlegg:

- 1 Tilstand på kommunale vegar
- 2 Oversikt over innspel frå berørte partar etter høyring
- 3 Innspel frå berørte partar

Bakgrunn:

I økonomiplanen for 2022-2025 er det sett av til saman kr. 4 mill, til «veg generelt». Ein har behov for eit styringsdokument for kva vegprosjekt som skal prioriterast i perioden, og ser behov for ei kost/nytte vurdering av dei ulike vegstrekningane.

Kommunestyret fatta slikt vedtak som verbal føring i Økonomiplanen 2021-2024, 09.12.20:

«Sak om kommunale vegar der m.a. desse forholda vert teken opp:

- Oversyn over alle vegar som kommunen har ansvar for
- Tilstand på dei ulike vegane
- Vurdering av kva vegar kommunen bør ha ansvar for framover
- Vedlikehaldsbehov med kostnadsoverslag og framlegg til prioritering
- Prosedyre ved overføring av kommunale vegar til private aktørar. Saka vert å leggja fram for formannskapet «

Kommunestyret fatta slikt vedtak i kommunestyret 29.09.21, sak 49/21:

Kommunestyret utset saka til alle berørte partar har fått muligheten til å uttala seg.

Det blei sendt ut brev til grunneigarar og andre berørte hausten 2021, der dei fekk mogelegheit til å koma med innspel til saken. Innspela for berørte partar er lagt ved saken og har blitt behandla administrativt.

Forankring i planar/mål:

Økonomiplan 2022-2025

Vurdering:

I Fitjar har vi vegar med ulike vegeigarar: Staten for E 39, Vestland fylkeskommune for fylkesvegane FV 545, FV 5070, FV5072, kommunale vegar Jfr oversikt i saka, og private vegar. Denne saka handlar om vegar der kommunen er vegeigar, og ansvarleg for vegvedlikehaldet. Vedlagt denne saka følgjer tilstandsanalyse for alle kommunale vegar.

Store deler av det kommunale vegnettet ligg på grunn som ikkje er løyst inn. Som hovudregel er det kun vegar i kommunale bustadfelt, og tilkomstveg til desse som kommunen er grunneigar av. Total veglengde på kommunale vegar i Fitjar er pr. i dag 35 km. Trygge og framkommelege kommunale vegar er ei føremon for aktivitet og gode levekår for alle i heile kommunen.

Dei eldste vegane ein har i kommunen, er ikkje bygd for den trafikken dei vert utsett for. Med dagens trafikk på desse vegane med tungtrafikk som mjølkebil, renovasjonsbilar, og annan nyttetransport vert vegane fort nedkøyrde, og ein får spor, ned senking, og oppsprekking i vegdekke. Døme på dette er mellom anna Sæterbøvegen, Fitjargardsvegen, Nesbøvegen, vegen over Vikeleite, med fleire. Fornyng og reasfaltering av vegdekke har vore eit lågt prioritert område i kommunen dei siste åra på grunn av ein stram kommuneøkonomi, der vegvedlikehald i prinsippet skal handterast som driftskostnadar. Dette vedlikehaldsetterslepet fører til sterk irritasjon for brukarane, brøyting/vintervedlikehaldet vert ikkje fullgodt, og i verste fall kan vegane vere direkte trafikkfarlege på grunn av manglande vedlikehald.

Sist ein utførte større reasfalteringstiltak i kommunen var i perioden 2000-2004. Som ein tommelfinger regel kan ein rekne ei levetid for asfaltdekke på ca 25 år, og i levetidsvurdering vil underbygging og trafikkettleik sjølvstekt spele inn. Dårleg utført grunnarbeid på veg vil føre til langt kortare levetid.

Årleg er det sett av noko midlar i driftsbudsjettet til vegvedlikehald, det er kr 2.056.444,-. Det vedlikehaldet ein får gjort med midlane går i hovudsak til «akutthjelp», med til dømes å lappa slaghol i eit vegdekke som i mange tilfelle er utslitt. Midlane som er avsett bør og kunna nyttast til tiltak som autovern, rekkverk mv. Der dette er behov for som eit trafikkiksikringstiltak.

Faglege vurderingar:

Det er positivt at det for dei næraste åra er sett av midlar til utbetring av vegane i kommunen. Når ein no har sett av midlar, står det att å gjera ei rett prioritering av bruken av desse midlane og vi foreslår at denne prioriteringa bør skje ut frå kriteria:

- bruk/nytte
- antall brukarar
- tilstand på vegdekke
- omsyn til trafikktryggleik

Privatisering av kommunale vegar

I Fitjar er det ein del kommunale vegar som ikkje lenger betener eit allment eller offentleg føremål. Dette er tidlegare bygdevegar, som i si tid vart bygde som tilkomstveg til dampskipskai, post og landhandel, der alle desse allmenne/offentlege funksjonane no er vekke. Administrasjonen foreslår å privatisere desse.

Det er også ein del kommunale vegar som betener kun få eigedomar og gardsbruk. Administrasjonen har ikkje vurdert å setja ei generell nedre grense for kor mange hus/ eigedomar som ein kommunal veg skal betene. Vi vil foreslå at det vert gjort konkrete vurderingar på den enkelte vegstrekningen. Dersom kommunen ser føre seg ei meir omfattande sak om privatisering av kommunale vegar, vil dette vera ei aktuell problemstilling.

Det er også nokre kommunale vegar som er tilkomstvegar til rekreasjonsområde/ turområde. Administrasjonen si vurdering er at det av folkehelseomsyn er ein fordel at det ein del stadar er kommunal tilkomstveg til turområde. Vi foreslår ikkje privatisering i konkrete område berørt av denne problemstillinga i denne saka, unntatt Sæterbøvegen der turområdet har anna tilkomst som er offentleg.

Grunneigarar og andre berørte partar har hatt mogelegheit til å koma med innspel. Det har vore gjennomført eit kort dialogmøte med dei to ulike interessegruppene knytt til Sæterbøvegen. Den næringsdrivande er oppmoda til å undersøkje moglegheita for å søkje dispensasjon for akseltrykk til Statens vegvesen for den delen av drifta som er tidssensitiv, og begge partar er oppmoda til å drøfta danning av eit veglag. Ein har lauseleg diskutert moglegheita for at veglaget kan få disponera dei avsatte vedlikehaldsmidlane til oppgardering sjølv; dette for å kunne raskt og effektivt kombinera dugnad med ynskja prioritering.

Innspela har blitt behandla administrativt. Alle innspela med unntak av eit innspel ønskjer at dei kommunale vegane fortsatt skal vera i kommunen sitt ansvar. Kommunedirektøren vil likevel foreslå at vegane blir privatisert, då dei ikkje har eit

offentleg formål, slik som før. Kommunedirektøren meiner dette er eit nødvendig tiltak for å redusere kommunens kostnader og for å kunne prioritere framtidige investeringar.

Forslag til privatisering av vegar

Veglova seier følgjande:

- § 7 tredje ledd: «Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.»
- § 8 andre ledd: «Nedlagd offentlig veg som ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, kan vedkommande styremakt legge ut til bruk som privat veg etter denne lova».

Kommunen sin lovheimel for å vedta at kommunal veg skal nedleggjast, er veglova § 7 tredje ledd. Her gis kommunen myndighet til å legge ned kommunale veger. Det er ingen bindande føringer eller materielle krav til kommunens vedtak etter denne bestemmelsen. Det er heller ingen tekniske krav som må være oppfylt for vegen før privatiseringsvedtaket. Brukarene kan dermed risikere kostnader ved overtakelse av vedlikeholdsansvaret.

Ved overføring av kommunale vegar til private aktørar, må det gjerast eit politisk vedtak. Vegane vert med slikt vedtak privat eigd, og det kommunale ansvaret vil bli avslutta. Etter vedtaket blir grunneigarar av vegen kontakta. Grunneigarane er eigarar av grunnen der vegen ligg.

Eit vedtak om nedklassifisering av offentlig veg er ikkje å betrakte som ei forvaltningsavgjerdsle, og er etter veglovens § 7 eit politisk vedtak. Et politisk vedtak om nedklassifisering av kommunale vegar kan difor ikkje påklagast med grunnlag i Forvaltningslovens kap. VI om klage og omgjøring. Vegloven har heller ikkje etablert noko spesielt klageinstitutt for omklassifiseringssaker. Administrasjonen i Fitjar har hatt ein grundig gjennomgang av alle kommunale vegar i kommunen Jfr tilstandsanalysen og gjort vurderingar av desse Jfr kriteria ovanfor.

Ifølge vegloven er det ingen tekniske krav som må være oppfylt for vegen før kommunale vegar kan privatiserast, likevel foreslår kommunedirektøren at kommunen rustar opp desse vegane med ny asfalt og grøfterensk, unnateke dei vegane som er asfalterte nyleg. Kostnadane for oppgradering er oppgitt under og må innarbeidast i prioriteringsdokumentet, innanfor den ramma som kommunestyret har avsett til «veg generell».

Kommunedirektøren foreslår at følgjande kommunale vegar vert privatisert, då dei ikkje har eit offentlig formål, slik dei tidlegare hadde. Summane for utbetring er estimat. Summane er estimert pr meter veg, det er estimert ut frå tonn, pris på asfalt og lengde og breidde på veg. Det er antatt eit beløp for grøfterensk.

Hovlandssjøen		Nyleg asfaltert i 2015
Færøysundvegen	Kr 500 000.-	Reasfaltering, grøfterensk
Gloppevågen		Nyleg asfaltert i 2014
Hellandsfjorden	Kr 140 000.-	Reasfaltering, grøfterensk
Sæterbøvegen	Kr 517 000,-	Reasfaltering, grøfterensk

Alle desse vegane har privat grunn, men dei er kommunale vegar. Når det gjeld Sæterbøvegen er det omdiskutert om denne er privat eller offentlig; men den har over lengre tid vore under kommunal drift.

Private veglag kan dannes og dette er ikke ukjent for folk. Ein må likevel rekna med at privatiseringsvedtaket kan koma overraskande for mange.

Folkehelse:

Det er viktig for folkehelsa at det blir vedlikehald på vegane, for å få god kvalitet på vegane og opprettholde låg ulykkesfrekvens. Trygge og godt vedlikehald på vegane er viktig for gode levekår for alle i heile kommunen og andre som brukar vegane.

Klima/miljø:

Det er viktig med kontinuerleg vedlikehald av vegane for å tilby god og trafikksikker mobilitet til innbyggerne både via kommunale vegar og sammenhengende gang- og sykkelvegar.

Økonomi og forankring i økonomiplanen:

Det er vedteke 4 millionar til veg generelt i økonomiplanen for 2022-2025, 1 million for kvart år. Det blir overført 467.000 frå i fjor, pengar som i fjor ikkje blei brukt. Sum for 2022 er dermed 1.467.000,- kr.

Privatisering av kommunal veg vil gje ei viss innsparing på kommunen sitt driftsbudsjett, sjølv om det ved overføringa aukar kommunen sine kostnader ved oppgradering i investeringsbudsjettet.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

1. Kommunestyret i Fitjar vedtek med heimel Veglovens § 7 tredje ledd å omklassifisere følgjande kommunale vegstrekningar til private vegar. Omklassifiseringa skjer frå 01.01 året etter oppgradering Jfr prioriteringsliste.

Veg	Antal meter
Hovlandssjøen	303 m
Færøysundvegen	1050 m
Gloppevågen	265 m
Hellandsfjorden	301 m
Sæterbøvegen	1340 m

2. Kommunestyret vedtek følgjande prioriteringsliste for oppgradering av kommunalt vegnett for perioden 2022-2025

Utbetring av vegar, prioriteringsliste for 2022-2026

Det er vedteke 4 millionar til veg generelt i økonomiplanen for 2022-2025, 1 million for kvart år. Det blir overført 467.000 frå i fjor i revidert budsjett, pengar som i fjor ikkje blei brukt. Sum for 2022 er dermed 1.467.000,- kr. Det er også tatt med ei prioritering for 2026, sjølv om det er utanom denne økonomiplanområdet, så er det likevel laga plan for vedlikehald dette året.

Vedlagt denne saka følgjer tilstandsanalyse for alle kommunale vegar. Basert på denne analysen foreslår administrasjonen utbetring av følgjande kommunale vegar i prioritert rekkefølge. Summane er estimert pr meter veg, det er estimert ut frå tonn, pris på asfalt og lengde og bredde på veg.

2022	VEGSTREKING	KOSTNAD	MERKNADER
1	Sæterbøvegen	517.000	Reasfaltering, grøfterensk
5	Vikeleite	950.000	Reasfaltering, grøfterensk
SUM		1.467.000	

2023	VEGSTREKING	KOSTNAD	MERKNADER
1	Havnahagen	300.000	Rekkverk, sikring av veg ovanfor bustader
2	Færøysundsvegen	500.000	Reasfaltering og grøfterensk
3	Rimbareid skule	200.000	Reasfaltering

SUM		1.000.000	
------------	--	------------------	--

2024	VEGSTREKING	KOSTNAD	MERKNADER
1	Vestre Bakkaveg	239.000	Reasfaltering
2	Austre Bakkaveg	200.000	Reasfaltering/div utbetringar
3	Hellandsfjorden	140.000	Reasfaltering, grøfterensk
4	Gamlevegen Sandvikvåg	390.000	Reasfaltering, grøfterensk, og avretting
SUM		969.000	

2025	VEGSTREKING	KOSTNAD	MERKNADER
1	Grutle og Buskabrekko	181.000	Reasfaltering
2	Rimbareidvegen	500.000	Reasfaltering og grøfterensk
3	Fitjargardsvegen	288.000	Reasfaltering og grøfterensk
SUM		969.000	

2026	VEGSTREKING	KOSTNAD	MERKNADER
1	Tednekleivo	110.000	Asfaltere den delen som ikkje er asfaltert
2	Rimbareidvegen	800.000	Reasfaltering
SUM		910.000	

Gjermund Hagesæter
kommunedirektør

Saksframlegget er godkent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/214-5
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	3/23	22.02.2023

Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Kontrollutvalet bestilte prosjektet i møte 29.11.2021. Prosjektoppstart vart utsett til hausten 2022 etter ønske frå administrasjonen. Dette er andre statusrapportering gjeldande dette prosjektet. Rapporten skal vere ferdig innan 01.04.2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 29.11.2021 (PS 26/21) ny forvaltningsrevisjon:

«Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan institusjons- og heimeteneste.
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 09.02.2022.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 02.03.2022»

Av prosjektplanen kjem det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere om Fitjar kommune har system som sikrar tilfredsstillande kompetanse og kapasitet til å ivareta lovpålagte tenester innanfor institusjons- og heimetenestene.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er det samsvar mellom tilbod og behov for institusjons- og heimetenester i Fitjar kommune?
 - a) Er tilbodet på ulike omsorgsnivå dimensjonert i samsvar med pleiebehovet?
 - b) Er det ventelister/overkapasitet for ulike tilbod?
 - c) Har kommunen tatt i bruk tilstrekkeleg velferdsteknologi?
 - d) Er det etablert ei samhandling mellom tenestekontoret og utførande einingar som sikrar rett nivå på tenestene?
2. I kva grad har kommunen sikra tilstrekkeleg med ressursar med rett kompetanse i tenestene?
 - a) Har kommunen ei bemanning som er tilstrekkeleg med omsyn til å levere naudsynte tenester?
 - i) Er det etablert bemanningsplanar i tenestene?
 - ii) Er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning i tenestene?
 - b) Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane?
 - i) Ved rekruttering
 - ii) Gjennom kompetansehevande tiltak
 - c) Klarer tenestene å ivareta tilfredsstillande nærvær blant medarbeidarane?
 - i) Blir det arbeidd systematisk med å redusere sjukefråværet blant medarbeidarane?

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, analyse av statistikk og verifisering/høyring som metode.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Dette er andre statusrapportering etter at oppstart av prosjektet vart utsett til hausten 2022 etter ønske frå administrasjonen. Etter bestillinga frå kontrollutvalet skal rapporten vere ferdig innan 01.04.2023. Kontrollutvalet og kommunestyret vil få rapporten til handsaming før sommaren 2023.

I møte i kontrollutvalet 07.12.2022 i «PS 20/22 Forvaltningsrevisjon av institusjons- og heimetenestene – statusrapportering», fekk kontrollutvalet slik informasjon;

«Forvaltningsrevisor orienterte om status gjeldande arbeid med forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonen har henta inn dokumentasjon og gjennomført intervju, og er i gang med noko av rapportskrivinga. Deloitte har frist til å levera rapporten 01.04.2023.»

Konklusjon

Om prosjektet er i rute og det ikkje kjem fram anna informasjon i møtet, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/350-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	4/23	22.02.2023

Bestilling av kurs frå Deloitte AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs innan.....og ønskjer at kurset vert gjennomført i første halvår 2023.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs innan.....og ønskjer at kurset vert gjennomført i første møte for nytt utval, 06.12.23.
3. Sekretariatet vert bedt om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

Samandrag

I siste møte i kontrollutvalet i 2022, vart det vedteke at kontrollutvalet ønskjer å bestilla kurs frå Delotte AS. Fitjar kommune har i avtalen med Deloitte AS at revisor skal halde kurs for kontrollutvalets medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen, med eit omfang til 1 kursdag per år.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kurstilbod 2023 frå Deloitte AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fitjar kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2021. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg A kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet tilbod om og gjennomføring kurs, for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år, t.d. 2 kurs og 2 timar»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Deloitte AS vart vald som ny revisor for Fitjar kommune, og avtalen som revisor gjeld frå 01.07.2021. Det vart ikkje gjennomført kurs i 2021 og 2022, grunna pandemi.

Kursoversikt 2023 frå Deloitte AS er vedlagt saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføra.

2023 er valår, og nytt kontrollutval vil mest sannsynleg kome på plass i løpet av oktober.

Det kan være naturleg at kontrollutvalet ber om eit kurs i første halvår og eit kurs i andre halvår. Kurset i andre halvår kan vera føremålstenleg at kontrollutvalet for neste valperiode får til disposisjon. Dette i det første møtet, som dei etter forslag til møteplan skal ha 06.12.2023. Det vil truleg vera nyttig for det nye utvalet å få f.eks. kurs nr. 8 «Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet».

Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen



Kurstilbud frå Deloitte

	Tema	Stikkord
1	Innføring i rekneskap	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> – MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> – Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	Arkivering, journalføring og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
7	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
8	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
9	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

	Tema	Stikkord
10	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
11	Økonomisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Fullmakter - Kontroller
12	Organisatorisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
13	Innberetning av løn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
14	Investeringsrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsrekneskap - Skille mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapet?
15	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassast etterspurnad og behov
16	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
17	Kommunelova (utvalde deler) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar
18	Prosjektstyring og prosjektoppfølgjing	<ul style="list-style-type: none"> - Suksuessfaktorar - Fallgruver
19	Medlem i kontrollutvalet	<ul style="list-style-type: none"> - Kva for rolle og ansvar har ein som medlem i kontrollutvalet?



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/118-4

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	5/23	22.02.2023

Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2022

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2022. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding 2022 KUV Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2022. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga



FITJAR

ÅRSMELDING 2022

FOR

KONTROLLUTVALET



1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2 Samansetting av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for valperioden 2019 – 2023 er slik samansett:

Medlemmer

Björg Tislevoll, H, leiar

Kjell Aleksander Skogsrud, Ap, nestleiar

Jostein Sandvik, Krf

Gro Rydland, Sp

Frank Solli, Frp

Personlege varamedlemmer

1. Holger Peitisch, H
2. Herbjørn Skumsnes, H

1. Kjell Magnar Helland, Ap

1. Trond Stokken, Krf
2. Torunn K. Aarskog, Krf

1. Geir Ingolf Strand, Sp
2. Lars Ove Rimmereid, Sp

1. Jostein Skram, Frp
2. Anne Merete R. Opshaug, Frp

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Frank Solli er kommunestyremedlem.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2022

- Kontrollutvalet hadde 4 møter og handsama 24 saker i 2022.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget

b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen

c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Fitjar kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretæroppgaver på kontrollutvaldsmøta i 2022.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. I tillegg til dette har sekretariatet også vore settesekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i deler av 2022. Vestland fylkeskommune/Hordaland fylkeskommune har utført sekretariatstenester for Fitjar kommune sidan 2008. Det er gjennomført konkurranse gjeldande sekretariats-tenester for kommunane i Sunnhordland andre halvår 2022. Vestland fylkeskommune held fram som sekretariat for Fitjar kommune. Ny avtale gjeld frå 01.01.2023 til 01.01.2025, med opsjon 1 + 1 år.

5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS er revisor for Fitjar kommune. Det vart gjennomført konkurranse og innhenta tilbod på revisjonstenester vinteren 2020/2021. Etter gjennomført konkurranse og handsaming av saka i kontrollutvalet fatta kommunestyret slikt vedtak i møte 28.04.2021 under sak PS 16/2021;

«Kommunestyret i Fitjar kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 til 30.06.2025.»

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2022. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Else Holst-Larsen, som i tråd med regleverket, har lagt eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Fitjar kommune fram for kontrollutvalet.

6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i.

I 2022 vart det arbeidd ein del med oppstart ifm. forvaltningsrevisjon av institusjon- og heimeteneste. Vidare var det oppfølgingsarbeid av ein revisjon som både var forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det galdt Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Sjå pkt. 7.2 nedanfor.

6.1 **Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024**

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap. På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i kommunestyret 14.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.»*

I den vedteke planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Kvalitet i grunnskulen
2. Bemanning, personal og sjukefråvær
3. Institusjons- og heimeteneste
4. Interkommunale samarbeid
5. Arkiv og offentlegheit
6. Plan- og byggesak
7. Tilpassa opplæring og spesialundervisning
8. Internkontroll og kvalitetssystem
9. Drift og vedlikehald av kommunale bygg

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024

Jmf. pkt. 5 i vedtaket over, hadde kontrollutvalet sak om det i møte 14.09.22. (PS 13/22). Kontrollutvalet vedtok der at gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

6.2 Nye forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Forvaltningsrevisjon av Institusjon- og heimeteneste

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av Institusjon- og heimeteneste i møte 02.03.2022, dette vart vedteke.

«Vedtak

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene.*
2. *Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.*
3. *Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 01.04.2023, inkludert kommunedirektør sin uttale.»*

Kontrollutvalet hadde statusmelding gjeldande denne forvaltningsrevisjonen i møtet 07.12.2022.

6.3 Gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av disse.

Sjå årsmeldinga 7.2 gjeldande oppfølging av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS.

7 Arbeid med eigarskapskontroll

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap og kommunen si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 10 framanfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

7.1 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for eigarskapskontroll som vart handsama i kommunestyret 14.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Fitjar kommune vert vedteken med følgjande endring. Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS vert flytta frå prioritering nr. 3 til prioritering nr. 1. Kommunestyret ber om at det vert gjort eigarskapskontroll av FKIB AS i 2021 som er ferdig innan utgangen av august.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.»*

Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024

Jmf. pkt. 5 i vedtaket over, hadde kontrollutvalet sak om det i møte 14.09.22. (PS 14/22). Kontrollutvalet vedtok der at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

7.2 Gjennomførte eigarskapskontrollprosjekt og oppfølging av desse

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS

Ettersom kommunestyret hadde ei bestilling til kontrollutvalet når plansakene vart handsama av kommunestyret 04.11.2020, har denne bestillinga prioritet framfor noko anna. Kommunestyret vedtok i møte 04.11.2020 at ein vil at det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. I møte 27.11.2020 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS.

Kontrollutvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i møte 01.09.2021, innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret vart samrøystes vedteke, men med forlenga frist i punkt 3 i innstillinga.

«Innstilling

1. *Fitjar kommune ber om at rådmannen følgjer opp forholda slik det kjem fram av revisjonsrapporten på s. 31 og 32.*
2. *Fitjar kommune ber om at selskapet følgjer opp forholda slik det kjem fram på s.32 i rapporten*
3. *Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet frå rådmannen og leiinga i selskapet innan 1. april 2022, om korleis vedtaket vert fulgt opp»*

Kontrollutvalet har handsama handlingsplan og oppfølging av handlingsplan i tre møter i 2022, sist i møte 07.12.22, der det vart gjort slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet registrerer at det framleis står att ein del arbeid gjeldande forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS*
2. *Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til andre møte i kontrollutvalet i 2023. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 01.04.23.*

8 Arbeid med rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet, der kontrollutvalet som ein del av saka gjev ein uttale til årsrekneskapen.

«Dette vart mellom anna omtalt i uttalen:

«Av rekneskapen for 2021 har sekretariatet merka seg eit netto positivt driftsresultat med

kr 1.699.000 som utgjør eit netto resultatgrad på 0,52 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølgje opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2021. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Fitjar kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2017 (+ 0,96 %), 2018 (+ 5,43 %), 2019 (+1,90%), 2020 (+ 2,22%) og 2021(0,52%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2021 er positivt. Det er svakare enn tilrådingane frå TBU og mykje svakare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle drifts-utgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fitjar kommune har ei lånegjeld i 2021 tilsvarende 67,9% av sum driftsinntekter, altså noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 71,6 % i 2019 og 69,7% i 2020. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 11,9 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2020 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 4,9 %.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2021.

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet

- Netto driftsresultat er på 0,52 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 67,90 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 4,90 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 11,87 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%»

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Fitjar kommune er medlem i FKT. FKT arrangerer fagkonferansar, samt utarbeidar ulike vegleiarar, bl.a. om «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet». Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

10 Opplæring

Bjørg Tislevoll og Gro Rydland deltok på Vestland fylkeskommune si folkevaldopplæring for kontrollutvala i tidlegare Hordaland-kommunar, i februar 2022.

11 Kontrollutvalet på Fitjar kommune si heimeside.

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida vart gjennomgått / revidert i 2021 og er no lagt til rette på ein god måte.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lesebrett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

12 Tilsyn frå Statsforvaltaren.

Når til dømes Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Statsforvaltaren tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredsstillande måte, sender Statsforvaltaren melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har hatt referatsak om eksterne tilsyn i eit av møta i 2022.

13 Andre saker handsama av kontrollutvalet

Døme på andre saker kontrollutvalet har handsama i 2022, lista er ikkje uttømmande:

- Årsmelding 2021 for kontrollutvalet
- Budsjett 2023 for kontrollutvalet
- Henvendingar til kontrollutvalet
- Kommunaløkonomisk berekraft
- Utvalet har og som fast punkt på saklista – gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Fitjar, 22. februar 2023.

Bjørg Tislevoll
leiar i kontrollutvalet

Fitjar kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 05557

e-post: hogne.haktorson@vlfk.no

e-post: roald.breistein@vlfk.no

e-post: kjartan.haugsnos@vlfk.no

e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no

e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no

e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/115-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	6/23	22.02.2023

Møteplan 2023 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2023:

Dato:
22.02.2023
19.04.2023
30.05.2023
13.09.2023
06.12.2023

Samandrag

I dette møte skal kontrollutvalet vedta møteplan for 2023. Møta må tilpassast ut i frå om sakene skal vidare til formannskapet og kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskap og kommunestyre. Kontrollutvalet vel sjølv ut i frå aktivitet kor mange møter ein må ha. I utgangspunktet er det planlagt med 5 møter i eit normalår for Fitjar kommune, i 2021 var det 6 møter grunna sak gjeldande konkurranse av revisjonstenester for Fitjar kommune og i 2022 var det 4 møte. Det er planlagt med 5 møter i 2023. Dette kan sjølvstapt verta endra dersom det kjem opp andre saker.

Kommunestyret har redusert budsjettet til kontrollutvalet for 2023. Sjå referatsak til dette møtet. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet til kommunestyret var kr. 893 610. Kommunestyret vedtok eit budsjett på kr. 663 610. Dette er ei reduksjon på kr. 230 000. Ut i frå redusert budsjett må kontrollutvalet redusere aktiviteten.

Kommunestyret har vedteke møteplanen for første halvår i 2023. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplan også for andre halvår.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. Kommuneleova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Deler av møteplanen for Fitjar kommune for 2023 er lagt inn i tabellen.

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
22.02.2023	Årsmelding 2022 for kontrollutvalet Kommunaløkonomisk berekraft		15.03.2023
19.04.2023	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - revisjonsrapport		03.05.2023
30.05.2023	Uttale til kommunerekneskapen	14.06.2023	21.06.2023
13.09.2023	Budsjett 2023 – for kontrollutvalet		
06.12.2023	Første møte i nytt kontrollutval		

Konklusjon

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 slik den ligg føre.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/121-5

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	7/23	22.02.2023

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemene vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	14.12.2022,
Formannskapet	30.11.2022, 01.02.2023 og 03.02.2023
Utval for plan og miljø	13.12.2022 og 13.01.2023
Utval for oppvekst og omsorg	- Ingen -
Viltnemnda	16.02.2023

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/117-5
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	8/23	22.02.2023

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 02.02.2023 09:19:42
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.

Fra: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>
Sendt: onsdag 25. januar 2023 09:01
Til: Fredrik Ugland Litleskare <fredrik.litleskare@sklbb.no>; Litleskare, Fredrik <fredrik.litleskare@akersolutions.com>; knut@kf-consulting.no; lorentz.lunde@haugnett.no; r-ravna@online.no; bjorg.tislevoll@no.abb.com
Kopi: Stord kommune <post@stord.kommune.no>; Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>; Tysnes Kommune <post@tysnes.kommune.no>; 'Bømlo kommune' <postmottak@bomlo.kommune.no>; Fitjar kommune <fitjar@fitjar.kommune.no>; Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>; Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugnes@vlfk.no>; Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>; Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>
Emne: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.

Kontrollutvalsleiar i kommunane
Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Tysnes.

Takk for tilliten gjennom at Vestland fylkeskommune v/ Sekretariat for kontrollutvalet har fått oppdraget med å vera sekretariat for 5 kontrollutval i Sunnhordland for ein ny avtaleperiode, gjeldande frå 01.01.2023.

Me ser fram til å fortsetta det gode samarbeidet som me opplever å ha, i det nye året.

Det er dei same medarbeidarane våre som kommunen forheldt seg til i 2022 som er kontaktperson vidare inn i 2023.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: fitjar@fitjar.kommune.no[fitjar@fitjar.kommune.no]
Sendt: 30.12.2022 10:44:39
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: Brev fra Fitjar kommune

Vår ref 2022/2313

Vennlig hilsen

Trond Salmo | økonomisjef
e-post: trsa@fitjar.kommune.no

Kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 BERGEN

Att. Helge Inge Johansen

Dykkar ref:

Vår ref:
2022/2313-60383/2022

Sakshandsamar:
Trond Salmo

Arkivkode:
150

Dato:
30.12.2022

Melding om vedtak - Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 Fitjar kommune

Vedlagt føl møtebok med vedtak for sak PS 64/22 – Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 – handsama i Fitjar kommunestyre 14.12.2022.

Me opplyser om at vedteke budsjettramme for kontrollutvalet 2023 er på kr. 663.610,-.

Heile budsjettvedtaket er å finna på Fitjar kommune si nettside, under 'Politikk' og 'Budsjett og økonomiplanar'.

Med helsing
Fitjar kommune

Trond Salmo
økonomisjef

Bente Fitjar
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur

Vedlegg

1 Saksprotokoll Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026



MØTEBOK

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026

Utval sak	Utval	Møtedato
107/22	Formannskapet	30.11.2022
64/22	Kommunestyret	14.12.2022

Vedlegg:

- 1 Innspel til budsjett 2023 Fitjar kommune
- 2 Saksprotokoll Informasjon til dei eldre i kommunen
- 3 Spørsmål frå representanten Helland, KRF
- 4 Spørsmål frå representanten Helland, til etatsjef helse og omsorg

Nye vedlegg som er komme til etter utsending av formannskapsrapport:

- 5 Innspel budsjett frå elevrådet på Selevik skule 2022
- 6 Søknad om etableringstilskot til Litteraturbåten Epos
- 7 Uttale til budsjett forslaget frå Fagforbundet
- 8 Innspel til budsjett 2023 frå Tilsette ved Havnauset og heimebaserte tenester
- 9 Budsjettframlegg 2023 – Eldrerådet
- 10 Uttale på budsjett og økonomiplan – Samarbeidsutvalet ved Øvrebygda skule
- 11 Formannskapet sak PS 105/2022: Rekruttering jordmor –Auka stillinga frå 50–100 %
- 12 Formannskapet sak PS 106/2022: Rekruttering av fastlege – berekraftig legeteneste
- 13 Uttale frå Råd for funksjonshemma i Fitjar til budsjettforslag 2023 og økonomiplan 2023-2026
- 14 Kommunedirektøren sine kommentarar til framlegg til budsjett, presentert i formannskapet

Bakgrunn:

Kommunedirektøren presenterte sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026, i kommunestyret 26. oktober.

Formannskapet handsama sak den 14. november, og sende saka til utval og råd for uttale.

Utval for Plan og miljø handsama budsjettet i møte 22. november og gjorde slikt vedtak:
«Utvalet tek saka til vitande»

Utval for Oppvekst og omsorg handsama budsjettet i møte 23. november og gjorde slikt vedtak:

«Utval for oppvekst og omsorg tek budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026 til vitande.

Utvalet vil jobbe med endringsforslag fram mot endeleg behandling i formannskap og kommunestyret.»

Dokument til saka 14. november er ikkje lagt ved denne saka. Dokument som er komme til etter møtet 14. november, ligg som vedlegg her.

Vurdering:

Det er ikkje komme nye opplysingar om utbetaling frå havbruksfondet eller nysaldering av statsbudsjettet for 2022.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026, med følgjande endringar:

Budsjettet bygger på følgjande premiss:

Gebyr og avgifter:

- a. Ved utrekning av forskotsskatt og forskotstrekk for 2022 og likninga for 2021 nyttar ein følgjande satsar: Inntektsskatt for personlege skatteytarar følgjer høgaste sats, justert i høve Stortinget sine vedtak.
- b. Endringar i kommunale avgifter for vass, kloakk, brannsyn og feiing og tilsyn med fyringsanlegg går fram av eiga sak.
- c. Festeavgiftene på Fitjar kyrkjegard vert vedteke i samsvar med vedtak i Fitjar Kyrkjelege Fellesråd:
 - a. Festeavgift per år 250,-
 - b. Reservering av grav 4 000,-
 - c. Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlem 4 000,-
 - d. Gravlegging utanbygds, kistegrav 8 000,-
 - e. Gravlegging utanbygds, urnegrav 4 000,-
- d. Administrasjonsavgiftene for festeavgifter i Fitjarstølane bustadfelt vert uendra i høve til 2021.
- e. Betaling for kommunal barnehage følgjer maksimalpris sett av staten.
- f. Betalingssats for SFO vert uendra i 2023
- g. Betalingssats for kulturskulen vert uendra i 2023
- h. Kjøp av mat frå sjukeheimen vert uendra i 2023
- i. Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring vert uendra i 2023. Justering under 2G aukar i samsvar med statleg sats.
- j. Dagspris for dagsenter for demente vert uendra i 2023.
- k. Vederlag for opphald i institusjon vert fastsett på grunnlag av vedtekter fastsette av staten. Maksimal betalingssats i Fitjar bu- og behandlingssenter vert fastsett til 113 843,- per måned / 3 795,- per døgn.
- l. Sosialsatsane føl Statens sine satsar i 2023.
- m. Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:
 - a. Små born (10 %) 237 090,-
 - b. Store born (10 %) 115 266,-
 - c. Små born (11 %) 239 449,-
 - d. Store born (11 %) 116 576,-
 - e. Kapitaltilskot 9 400,-
 - f. Kapitaltilskot (14-16) 17 100,-

Eigedomsskatt:

I samsvar med eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert følgjande nytta for skatteåret 2023:

- a. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen.
- b. Eigedomsskattesatsen vert sett til på 6,0 promille for næringseigedommar, og 2,0 promille for andre eigedommar.
- c. For bustaddel av eigedommar, inkludert fritidseigedommar, som ikkje nyttast til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr 350 000,- av takstverdi.
- d. I samsvar med eigedomsskattelova §7a skal følgjande eigedommar har fritak:
 - I. Prestegarden (huset), FKIB AS, Havnahuset, Fitjartun, Hamn burettslag, Fitjar vidaregåande skule, bedehus, gamle skulehus (grendehus), Fjellheim Friluftsbarnehage, Fitjar Soknerådsbarnehage, Årskog barnehage og Friluftsrådet Vest.
- e. I samsvar med eigedomsskattelova §7b om fritak for historiske bygningar vert det gjeve fritak etter søknad etter følgjande kriteriar:
 - I. Fritak for bygningar bygd i 1920, eller tidlegare som er registrert med kategori **A** i Kulturminneplanen.
 - II. Fritak for bygningar i kategori **S**. Objekt som kan søkjast inn i kategori **S** er:
 - Bygg med kategori **B** i KMP, som er bygd før 1920

- Bygg med Kategori **A** i KMP, men bygd etter 1920

III. Følgjande bygningar er fritেকে etter søknad i 2022, og vert fritেকে vidare for 2023:

- Gnr/bnr 39/2: bygg nr. 174186073 og 174186103
- Gnr/bnr 64/64: bygg nr. 174197520
- Gnr/bnr 79/4: bygg nr. 174205531 og 174205582
- Gnr/bnr 84/4: bygg nr. 174210616

- f. Bustadhus (ikkje hytter) som er inntil 5 år gamle, skal ha halv eigedomsskatt.
 g. Eigedomsskatten skal for 2023 betalast i fire terminar. (Eigedomar med årleg eigedomsskatt under kr 1 000,- vil få ein årleg faktura)
 h. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter i «Rammer og retningslinjer for eigedomsskatt», vedteke 22.04.2021. Rammer for 2023 vert justert etter dette vedtaket.

Låneopptak:

- a. Det vert teke opp nye lån på inntil kr 38 360 000,- til investeringsføremål i 2023.
 b. Det vert teke opp lån til vidareformidling på inntil kr 2 000 000,-.

Fond:

- a. Det vert vedteke å nytta følgjande fond til finansiering av driftsbudsjettet i 2022:
 I. 100 000,- frå velferdsfond sjukeheimen
 II. 427 500,- frå vaksenopplæringsfondet
 b. Det vert vedteke å setja av til følgjande fond i 2022:
 I. 21 304,- til museumsfondet
 II. 2 347,- til nytt fond for eigarseksjonering
 III. 104,- til viltfondet
 IV. 181,- til feiefondet
 c. Inntekter og kostnadar med renovasjon og slam vert ført mot renovasjons- og slamfondet i samsvar med oppgåver frå SIM.

Driftstilskot

Fitjar Kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- a. Fitjar Kyrkjelege Fellesråd kr 2 477 850,-
 b. Fitjar Frivilligsentral kr 468 120,-
 c. Håkonarspelet kr 50 000,-
 d. Reiselivskoordinator kr 50 000,-
 e. TV-aksjonen kr 7 000,-
 f. Fitjar idrettslag får inntil 400 000,- i tilskot for vedlikehald av idrettsanlegg.
 g. Fitjar Kultur- og idrettsbygg AS får kr 250 000,- i driftstilskot

Oppvekst og kultur disponerer kr 50 000,- til kulturmidlar i 2023.

Saksprotokoll i Formannskapet - 30.11.2022

Behandling:

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om Havbruksfondet.

Ordførar Harald Rydland (KRF) la på vegne av KRF, SP og FRP føre slikt framlegg til endring av driftsbudsjettet for 2023 og økonomiplan 2023-2026, med utgangspunkt i kommunedirektøren sitt framlegg:

Framlegg til vedtak på vegne av KRF, SP og FRP til sak PS 107/22 i formannskapsmøtet 30/11-2022 Formannskapsmøte 30.11.2022					
Formannskapet rår kommunestyret til å godkjenne budsjett og økonomiplan med følgende endringer:					
	2023	2024	2025	2026	I perioden
Netto driftsresultat (mer- eller mindreforbruk)	-24 000	-3 199 000	-1 666 000	-4 624 000	-9 513 000
1 Kontrollutvalg 2022 nivå pluss deflator 3,7%	-230 000	-230 000	-230 000	-230 000	-920 000
2 Tilleggsutbytte H kraft januar	-150 000				-150 000
3 Justert skatteinngang	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-1 200 000
4 Ikkje flytta 7 klasse Øvrabygda	353 324	847 973	494 653	353 324	2 049 274
5 Ikkje flytta 7 klasse Selevik	318 295	733 588	733 588	733 588	2 519 059
6 Spart transport ved å ikkje flytta 7 klassar	-47 500	-91 800	-60 800	-60 800	-260 900
7 3-delt skule Øvrabygda frå 2024		-318 295	-733 588	-733 588	-1 785 471
Budsjettet overtid øvrabygda skule til 0,- som					
8 dei andre skulane	-254 196	-254 196	-254 196	-254 196	-1 016 784
9 Straumkostnader lågare estimat enn adm.	-1 000 000	-500 000			-1 500 000
10 Passivt tiltak Fysioterapeut 10%	51 051	51 051	51 051	51 051	204 204
11 Passivt tiltak Ergoterapeut 20%	117 339	117 339	117 339	117 339	469 356
12 Sjukevikar andel Rimbareid lik dei andre skulane	-290 000	-290 000	-290 000	-290 000	-1 160 000
13 Jordmor auka til 100 % stilling	312 000	468 000	468 000	468 000	1 716 000
14 Tilbaksreduksjon legevakttenesta	-180 000				-180 000
15 Streaming oppsett til kommunestyresalen	50 000				50 000
16 Infotavle i sentrum	10 000				10 000
17 Ekstra løyving til kyrkja	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
18 Styrke drifta med ein tilleggsressurs 85% Pleie og omsorg	464 843				464 843
19 Ekstra løyving til læremateriell skulen	300 000	400 000			700 000
20 Redusere lønsjustering ordførarløn	-25 000				-25 000
21 Gåver til nyinflytta	25 000				25 000
					0
Endring driftsresultat	-274 844	833 660	196 047	54 718	809 581
Netto driftsresultat etter endringer	-298 844	-2 365 340	-1 469 953	-4 569 282	-8 703 419
Avsetning disp fond	298 844	2 365 340	1 469 953	4 569 282	8 703 419

Noter til budsjettendringer	
1	Auka med deflator utfrå budsjett 2022.
2	Tilleggsutbytte ved teke haust 2022 utbetalt januar 2023.
3	Fortsatt høg aktivitet i næringslivet i regionen gjer at me vurderer denne noko høgare i år og.
4	Ikkje flytta 7 klasse frå Øvrabygda til Rimbareid.
5	Ikkje flytta 7 klasse frå Selevik til Rimbareid.
6	Sparar transportkostnader når ein ikkje flyttar 7 klassar.
7	Hausten 2024 er det 38 elevar ved skulen og den kan 3-deles etter same oppsett som Selevik.
8	Feil i overtidbudsjettet for Øvrabygda korrigert jmf. svar frå Etatsjef for oppvekst og kultur til rep r. Helland.
9	Samla straukostenadar estimert til vel 6,2 mill. , om lag dobbelt av normalår og noko meir enn revidert budsjett 2022, 5
10	Legg inn passivt tiltak for Fysioterapeut 10% for å styrka tenesta.
11	Legg inn passivt tiltak for Ergoterapeut 15 % for å styrka tenesta.
12	Budsjettet sjukevikar på Rimbareid ligg godt over dei andre skulane sett utifrå lønskostnad, justert denne.
13	Jordmorstilling vert auka til 100 % stilling jmf vedtak i Utval for Oppvekst og Omsorg.
14	Justering i innbetaling til legevakt etter avtale med dei andre kommunane.
15	Sette opp og kunne vise bilde og lyd frå kommunestyresalen.
16	Sette opp infotavle i sentrum for kommunal informasjon.
17	Justere tilskotet til kyrkja nærare det som Fitjar Sokn har bedt om.
18	Styrke drifta med 85% jmf tiltak 2024 med verknad frå 1.4.2023
19	Ekstraløyving til kjøp av læremateriell.
20	Redusere tiltenkt lønsjustering på ordførarløna.
21	Setje av sum til gåver til nyinflytta.

Han gjekk punktvis gjennom framlegget, og gjorde greie for endringane. I tillegg hadde han følgjande kommentarar:

Kommentar til post 13:

I samband med at helsestasjonen får jordmorstilling i 100%, ynskjer kommunestyret at deler av kapasitetsauken skal nyttast å styrka skulehelsetenesta og arbeidet med psykisk helse for barn og unge.

Kommentar til post 18:

Kommunestyret støttar kommunedirektøren sine planar for betre samordning og bruk av ressursane innan tenestene for pleie- og omsorg. Kommunestyret er oppteken av at tenestene framleis skal halda høg kvalitet, og at dei tilsette har gode arbeidsvilkår. Administrasjonsutvalet arbeider for tida med eit prosjekt der det vert sett på heiltidskultur, evt. vikarpool og sjukefråvær. Kommunestyret bed om at arbeidet får høg prioritet og god framdrift i tida som kjem.

Kommentar angående legesenteret:

Kommunedirektøren må syta for at prosess med rekruttering av ny fastlege fortset. Dersom det er naudsynt å hyra inn hjelp med rekruttering frå byrå, får ein gjere det. Dersom ein må nytta vikarbyrå for å halda forsvarleg drift på legesenteret i deler av året, vert evt. styrking av budsjettet å koma tilbake til i eiga sak til formannskapet.

